

# Årsrapport 2021



# Innhald

Del 1 – Leiaren har ordet	3
Del 2 – Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
Del 3 – Aktivitetar og resultat	16
Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk	17
Resultat og måloppnåing 2021	21
Rapportering om andre føringar og oppdrag i tildelingsbrevet for 2021	40
Andre område Patentstyret har ansvar for	45
Del 4 – Styring og kontroll	48
Del 5 – Vurdering av framtidsutsikter	56
Del 6 – Årsrekneskap	59


## [Dette er ein interaktiv PDF](#)

Bruk knappane nedst til høgre for å navigere i rapporten.

Understreking viser interaktivitet (les meir) og fører deg til rett stad i dokumentet.

Understreking  med pil opp til høgre leier til eksterne nettstader.

# 1 Leieren har ordet





Kathrine Myhre, direktør. Foto: Beate Willumsen

## Leiaren har ordet

Året 2021 blei som året før prega av koronapandemien. Medarbeidarane i Patentstyret har arbeidd frå heimekontor gjennom store delar av året, og det har vore få høve til å samlast fysisk med kundar, samarbeidspartnarar og kollegaer, med unntak av nokre små tidsvindauge på sommaren og hausten. Dette har stimulert oss til å framleis tenkje nytt rundt gjennomføringa av kurs, føredrag og møteverksemd, både nasjonalt og internasjonalt. Trass i pandemien har aktivitetsnivået i organisasjonen vore høgt, og det viser også resultatata for året.

### Rekord i varemerkesøknader

Patentstyret fekk i 2021 inn eit rekordstort tal på varemerkesøknader. Totalt kom det inn 18 142 søknader på varemerkeområdet. Dette er ein auke på heile 9 prosent frå 2020. Den største auken er frå utanlandske søkjarar, og det tyder at Noreg er ein attraktiv marknad for det internasjonale næringslivet. Også talet på patentsøknader gjekk litt opp, frå 1444 til 1580, medan talet for designsøknader var omtrent på same nivå som året før.

Talet på avgjerder i Patentstyret har også vore høgt i 2021, og vi avgjorde fleire saker på varemerke- og designområdet enn i 2020. Talet på rettar som er i kraft, har også auka frå 2020 til 2021, spesielt varemerke. Vi utførte 8 prosent fleire forundersøkingar enn i 2020, og også her gjeld auken på varemerkeområdet.

### Best på offentlig kundeservice for tredje gong

Kundesenteret til Patentstyret blei i 2021 kåra til årets beste kundeservice i offentlig sektor – for tredje gong på rad. 700 fleire kontakta kundesenteret i 2021 i forhold til året før, og totalt fekk vi over 10 000 førespurnader. Vi nådde fleire interessantar og kundar med budskapet vår ved at vi gjennomførte vesentleg fleire digitale kurs og føredrag, og talet på gjester på nettsidene våre auka med 12,2 prosent.

Samla tyder dette på at pandemien ikkje har svekt innovasjonsaktiviteten og interessa for sikring av immaterielle verdiar hos kundane våre gjennom pandemien. Dette er svært gledeleg!

### Ny rolle og meir samarbeid med andre aktørar

Patentstyret fekk i 2021 ei ny rolle som tilsynsstyresmakt for organisasjonar som kollektivt forvaltar opphavsrett og nærstående rettar.

Gjennom fjoråret har vi jobba godt med kundeorientert digital tenesteutvikling og IKT-tryggleik, og vi har sett i gang eit stort IKT-løft etter tildeling av midlar gjennom medfinansieringsordninga.

Vi har i 2021 vore særleg opptekne av å få til eit tettare samarbeid med forskings- og utdanningssektoren og samarbeidspartnarar i innovasjonssystemet, med mål om auka kunnskap om kva immaterielle verdiar har å seie for nye og eksisterande brukarar og kundar. Vi har

tidlegare inngått samarbeidsavtalar med Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) og Universitetet i Agder (UiA), og i 2021 etablerte vi tilsvarande samarbeid med Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU).

## Arbeid mot piratkopiering er viktigare enn nokon gong

Netthandelen har hatt ein enorm auke under pandemien, og organiserte kriminelle har utnytta dette. Trusselrapporten (SOCTA) frå EUROPOL for 2021 peikar på at piratvarehandel er ein av dei ti største kriminalitets-truslane Europa står overfor i den neste fireårsperioden. Det er derfor viktigare enn nokon gong å gjere forbrukarane medvitne.

Patentstyret har sidan 2015 leidd styresmaktsnettverket mot inngrep i immaterialrettar, og driftar nettsida [velgekte.no](https://velgekte.no). Gjennom desse kanalane jobbar vi aktivt for å byggje kompetanse om vanane til nordmenn og utøve haldningsskapande arbeid hos borgarar og i næringslivet. I 2021 gjennomførte Patentstyret, saman med tolletaten, spørjeundersøkinga «Nordmenn, netthandel og piratkopiar». Resultata frå undersøkinga viser at heile 43 prosent av nordmenn er usikre på om varene vi kjøper, er ekte eller falske, og 22 prosent har fått eller mistenkjer å ha fått ei kopivare. Spørjeundersøkinga viser at piratvarer på nettet er ei utfordring for nordmenn, og at det er behov for å auke medvitnet på dette området.

## Utvikling av organisasjonen

Patentstyret har i 2021 sett i gang arbeidet med å dokumentere og utvikle korleis vi kan bidra til «det grønne skiftet» – både som eigen organisasjon og ved tenestene vi tilbyr til næringslivet. Dette er utviklingsarbeid vi ser fram til å føre vidare i 2022.

Vi har i 2021 også sett søkjelys på innovasjon og vidareutvikling av Patentstyret, og gjer aktiv bruk av brukarorientering og designmetodikk i dette arbeidet. I samarbeid med StartOff i DFØ sette vi i gang eit oppstartsvenleg innkjøp og eit innovativt innkjøps-prosjekt. Vi har også hatt stor glede av samarbeidet med digitaliseringsrådet i Digitaliseringsdirektoratet, som hjelper statlege verksemder i å lykkast med digitaliseringsprosjekt og endringsprosessar der digitalisering utgjer ein viktig del.

## Norsk innovasjon til topps i innovasjonskonkurranse

2021 blei også året då den første norske innovatøren vann den prestisjefylte European Inventor Award, som årleg blir delt ut av EPO, the European Patent Office. Den norske legen, forskaren og innovatøren Per Gisle Djupesland vann prisen i kategorien «industri» for ei oppfinning som på ein enkel og effektiv måte bidreg til å gje medisin gjennom nasen. Prisen blir gjeven til oppfinnarar, enkeltpersonar eller team som gjennom banebrytande arbeid forbetrar livet vårt, fremjar teknologi og skaper arbeidsplassar.

Dette er eit godt bevis på at norsk innovasjon hevdar seg internasjonalt, og at rettar som patent er vesentleg for å lykkast på den internasjonale marknaden. Patentstyret vil bidra til at større delar av det norske næringslivet tek i bruk systemet med rettar for å styrkje konkurranseposisjonen sin internasjonalt.

Oslo, 1. mars 2022

Kathrine Myhre, direktør



# Introduksjon til verksemda og hovudtal



# Introduksjon til verksemda og hovudtal

Patentstyret er eit nasjonalt forvaltningsorgan og kompetansesenter for immaterielle rettar og verdiar, og er underlagt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD). Vi hjelper næringsliv og samfunnsinstitusjonar med å skape, sikre og handtere immaterielle verdiar og rettar på ein god og profesjonell måte. Søknadene kjem både frå norsk og internasjonalt næringsliv.

Patentstyret arbeider for å auke medvitet og kompetansen om korleis slike rettar kan brukast i innovasjon og forretningsutvikling. Ein viktig del av rolla vår som styresmakt vår er å gjere informasjon om patent-, varemerke- og designrettar enkelt tilgjengeleg. Denne informasjonen er ikkje berre viktig for å unngå å gjere inngrep i rettane til andre, men er ei unik kjelde til informasjon i innovasjonsprosessar.

Vi samarbeider med andre verkemiddelaktørar som Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd, DOGA og Siva. Som kompetansesenter for immaterielle rettar bidreg Patentstyret til at norsk og internasjonalt næringsliv, oppfinnarar, designarar og merkevarebyggjarar realiserer potensialet i ideane sine ved at dei gjer rette val når det gjeld bruk av industrielle rettar. Dette blir reflektert i visjonen, samfunnsoppdraget og verdiane til Patentstyret:

## Visjon Gjer idear til verdiar

### Samfunnsoppdrag

Patentstyret er ei nasjonal myndigheit for immaterielle rettar og fremjar innovasjon og verdiskaping. Vi hjelper samfunns- og næringsliv med å handtere immaterielle verdiar og rettar på ein god måte. Det gjer vi ved å

- behandle og avgjere søknader om patent og varemerke- og designregistrering
- gjere informasjon om søknader og rettar enkelt tilgjengeleg
- rettleie og auke kunnskapen om immaterielle rettar
- utføre informasjonsoppdrag om ulike forhold som er knytte til patent, varemerke og design

## Verdiar

Dei fire verdiane til Patentstyret skal kjenneteikne det daglege arbeidet vårt og dei vala vi gjer. Verdiane hjelper oss til å gjere visjonen levande, oppfylle samfunnsoppdraget vårt og nå måla våre.

### Truverdig

- Vi opptrer kompetent, etterretteleg og med høg integritet.
- Vi leverer IPR-tenester av høg kvalitet og til rett tid.

### Kunderetta

- Vi lyttar til kundane og forstår behova deira
- Vi er tilgjengelege og snakkar og skriv slik at kunden forstår oss.

### Engasjert

- Vi tek initiativ og er proaktive.
- Vi samarbeider og hjelper kvarandre.

### Løysingsorientert

- Vi søker og utnyttar moglegheiter for forbetring.
- Vi tilpassar oss endringar.

## Hovudmål

### Større bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsemd frå immaterielle verdjar


## Delmål

- 1 Fleire gode rettar
- 2 Betre bruk av immaterielle verdjar

Strategien til Patentstyret for perioden 2018–2022 er skildra gjennom 4 målbilete. Målbiletet «Blant dei beste IPR-styresmaktene i Europa» og aktivitetane som er knytte til dette målbiletet, støttar først og fremst opp under delmålet om fleire gode rettar. Målbiletet «Styrkt IPR-kompetanse i Noreg» og aktivitetane som er knytte til dette målbiletet, støttar først og fremst opp under delmålet om betre bruk av immaterielle verdjar. For å nå målet om å vere blant dei beste IPR-styresmaktene i Europa og bidra til styrkt IPR-kompetanse i Noreg må vi vere «Tettare på kunden» og «Ein organisasjon i fornying».

Saksbehandlinga i Patentstyret følgjer forvaltningslova, vanlege forvaltningsrettslege prinsipp og lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar (patentstyrelova). Søknader om industrielle rettar blir behandla etter patentlova, varemerkelova og designlova. Noreg har slutta seg til ei rekkje internasjonale konvensjonar på området som også påverkar rammene for Patentstyret. Patentstyret er partner i Nordisk Patentinstitutt (NPI), som er ei av granskingsmyndigheitene for internasjonale patentsøknader i WIPO.

Figur 1: Måla til Patentstyret



Opggåvene vi utfører for NPI, bidreg til å halde ved like og vidareutvikle nødvendig kompetanse og tenestekvalitet på patentområdet, til beste for det norske samfunns- og næringslivet.

I tillegg til aktivitetane som er skildra i tabell 1 på neste side, representerer Patentstyret Noreg i internasjonale forum på immaterialrettsområdet. Vi bidreg i regelverksarbeid som er knytt til industrielle rettar og støttar ulike departement i spørsmål om IPR.

Patentstyret er lokalisert på Sandaker i Oslo. Kathrine Myhre tok til som direktør 1. januar 2021.

Ved årsslutt omfatta leiargruppa i Patentstyret av seks avdelingsdirektørar, i tillegg til direktør. Vi hadde 254 tilsette som var fordelte på 233 årsverk innanfor fagområde som juss, teknologi, økonomi/administrasjon, kommunikasjon og marknadsføring.

**Tabell 1: Viktige sammenheng i verdikjeda til Patentstyret**

Ressursar →	Aktivitetar →	Produkt/tenester →	Brukareffektar →	Samfunneffektar
233,5 årsverk  286,113 millionar kroner i samla tildeling på kap. 0935, post 01	Behandle søknader om patent-, varemerke- og designrettar i Noreg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• patent</li> <li>• varemerkeregistreringar</li> <li>• designregistreringar</li> </ul>	Sikre immaterielle verdiar og dokumentere eigne rettar	Skape større bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsemd ved hjelp av immaterielle verdiar
	Føre register over søknader og rettar for patent, varemerke og design og gjere dei lett tilgjengelege	Drive søkje- og varslingsteneste for søknader og rettar i registera	Unngå at rettane til andre blir krenkte  Utnytte kjend teknologi til vidare innovasjon i større grad	
	Granske internasjonale patentsøknader gjennom NPI	Utarbeide granskingsrapportar for internasjonale patentsøknader gjennom NPI	Sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for internasjonal patentering	
	Ta imot klagesaker for KFIR (patent, varemerke og design)	Gje administrativ støtte til KFIR	Gje tilgang til informasjon som går fram av registera	
	Informere og rettleie om immaterielle rettar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• nettstaden patentstyret.no</li> <li>• nettstaden velgekte.no</li> <li>• kundesenter</li> <li>• kurs</li> <li>• føredrag, seminar og deltaking på innovasjonsarenaer</li> <li>• aktivitetar i samarbeid med andre verkemiddelaktørar</li> </ul>	Auke medvitet om immaterielle verdiar og rett bruk av immaterielle rettar for å støtte verdiskaping og styrkje konkurranseevne  Betre dei industrielle rettane	
	Vurdere om registreringane er nye, om dei kan godkjennast, og kva som er handlingsrommet for ny teknologi	Gjere forundersøkingar om patent  Gjere forundersøkingar om patent gjennom NPI for utanlandske aktørar	Unngå at rettane til andre blir krenkte  Unngå å bruke ressursar på å utvikle teknologi som allereie er kjend  Bruke patentinformasjon som kunnskapsgrunnlag for innovasjon	
	Vurdere om eit varemerke eller design er mogleg å registrere	Gjere forundersøkingar for varemerke og design	Unngå å bruke ressursar på å utvikle varemerke som kan forvekslast med varemerka til andre, og unngå å utvikle design som er kjende, og som andre har rett til	
	Behandle klager på føretaksnamn for Føretaksregisteret	Drive klageordning for føretaksnamn	Få føretaksnamn som ikkje blir forveksla med andre føretaksnamn eller varemerke	
	Registrere ansvarsmerke som identifiserer produsentar i gull- og sølvmedbransjen	Tilby registrerte ansvarsmerke	Gje tillit til at varer av edle metall har den finleiken som er stempla på dei	
	Lære opp utviklingsland i IPR	Drive bistandskurs for WIPO med økonomisk støtte frå Utanriksdepartementet	Gje auka kunnskap om industrielle rettar i utviklingsland	
Tilsyn med organisasjonar som kollektivt forvaltar opphavsrett	Registrere forvaltningsorganisasjonar, overvake organisasjonane og avdekkje/respondere på eventuelle regelbrot	Sikre at dei kollektive forvaltningsorganisasjonane forvaltar rett til i tråd med lova		

Figur 2: Leiargruppa i Patentstyret




Foto: Trond Isaksen / Beate Willumsen

## Nøkkeltal og volumtal

Tabell 2 : Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen

Tal i 1000 kr

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2018	2019	2020	2021
Tal årsverk	242	233	233	233
Tilgjengelege midlar, post 01–99	258 690	271 135	283 697	286 113
Nytta midlar, post 01–99	99,3 %	99,9 %	102 %	98,9 %
Driftsutgifter	256 940	268 988	280 301	280 852
Prosentdel lønn (inkl. pensjonsutgifter) av driftsutgifter	75,9 %	73,7 %	78,6 %	75,4 %
Lønnsutgifter (inkl. pensjonsutgifter) per årsverk	802 399	901 725	946 085	908 529

Talet på årsverk i 2021 er rekna ut med bakgrunn i PM-2019-13  
Definisjon av utførte årsverk frå KMD.

Tabell 3: Søknader om industrielle rettar og europeiske patent som er mottekne for validering i Noreg

Saksinnangang	2017	2018	2019	2020	2021
Varemerkesøknader (nasjonale søknader og internasjonale utpeikingar gjennom Madridprotokollen)	17 307	17 279	17 287	16 660	18 142
Designsøknader (nasjonale søknader og internasjonale utpeikingar gjennom Haag-systemet)	1 253	1 154	1 212	1 279	1 292
Patentsøknader (nasjonale søknader og internasjonale søknader som er førte vidare gjennom PCT)	2 063	1 660	1 531	1 444	1 580
Europeiske patent som er mottekne for validering i Noreg	5 796	6 826	8 163	7 559	6 930
Avgjorde saker	2017	2018	2019	2020	2021
Varemerkesøknader (nasjonale søknader og internasjonale utpeikingar gjennom Madridprotokollen)	14 635	15 443	17 376	17 382	18 116
Designsøknader (nasjonale søknader og internasjonale utpeikingar gjennom Haag-systemet)	1 078	1 370	1 127	1 277	1 285
Patentsøknader (nasjonale søknader og internasjonale søknader som er førte vidare gjennom PCT)	4 073	3 343	2 231	1 848	1 655
Europeiske patent som er validerte i Noreg	5 173	6 980	8 189	7 765	6 668

Tabell 4: Forholdet mellom nye og avgjorde saker i 2021

	Mottekne	Avgjorde
Varemerkesøknader (nasjonale søknader og internasjonale utpeikingar gjennom Madridprotokollen)	18 142	18 116
Designsøknader (nasjonale søknader og internasjonale utpeikingar gjennom Haag-systemet)	1 292	1 285
Patentsøknader (nasjonale søknader og internasjonale søknader som er førte vidare gjennom PCT)	1 580	1 655
Europeiske patent for validering	6 930	6 668
Totalt innkomne klager på føretaksnamn	31	31

# Optinose

**Apparatet som den norske vitenskapsmannen Per Gisle Djupesland har laga for å sprøyte inn medisin via nasen, gjev lindring til millionar av pasientar med kronisk bihølebetennelse og migrene og har potensial til å behandle hjerne-sjukdommar.**

## Bakgrunn

Målrretta medikamentinnsprøyting har vore ei av hovudutfordringane ved behandling av kroniske inflammatoriske nase- og bihølesjukdommar. Tradisjonelle spray-pumper når ikkje alltid områda som ligg djupt i nasen og bihølene. Medisin blir ofte deponert i feil område, svelgd eller ført rett gjennom nasegangane inn i lungene, og dette utgjer ein mogleg helseerisiko.

Medan Per Gisle Djupesland jobba som øyre-, nase- og halsspesialist ved Universitetssjukehuset i Oslo, blei han overtydd om at det måtte finnast ein betre måte å levere medisinar til nasen på. Han bygde på klinisk erfaring frå feltet og inspirasjon frå doktorgraden sin i nasal aerodynamikk, der han studerte utviklinga av naseluftvegen hos spedbarn og den moglege rolla nase-obstruksjon spela ved plutselig spedbarnsdød (SIDS). Utfordringa var å få fordelt medisinar høgt og djupt i nasen.

## Slik verkar produktet

Djupesland begynte å tenkje på korleis medikamentinnsprøytinga kunne forbe-trast, og det gav han ideen om å bruke pusten til pasienten til å fordele medisin. Han

fortel at ganeseglet blir løfta og lukkar nasen bakantil når ein pustar ut mot motstand. Djupesland utvikla eit utandingssystem (EDS) som utnyttar denne naturlege mekanismen ved samtidig å omdirigere utpusten gjennom nasegangane. Oppfinninga omfattar eit rørleg munnstykke og eit forma forseglingsnasestykke. Lufta som blir blåsen inn i det eine naseboret, fører medikamentet til målområda djupt og høgt i nasegangane før lufta går ut av det andre naseboret. Det lukka ganeseglet fjernar risikoen for at medisinen går i lungene. Dette gjev ein meir nøyaktig og sikker distribusjon.

Nasepumpa gjev lindring for millionar av pasientar med migrene og kronisk rhinosinitt (bihølebetennelse), og kan hjelpe til med å behandle andre tilstandar og ei rekkje luftvegsvirus.

Optinose-systemet er enkelt å bruke. Pasienten set nase-stykket i eininga inn i det eine naseboret, trekkjer pusten djupt, lukkar leppene rundt munnstykket og pustar ut (på same måten som å blåse opp ein ballong). Når pasienten trykkjer inn den integrerte spraypumpa, blir det opna ein intern ventil samtidig som medikamentet blir frigjort. Utpusten til pasienten fraktar komfortabelt medikamentpartiklane høgt og djupt til dei rette stadene i nasen og bihølene før lufta slepp ut gjennom det andre naseboret. Pumpa blei spesielt utvikla for å vere pasientvenleg, og 98 prosent av respondentane i kliniske studiar har opplyst at eininga er enkel å bruke.



Foto: European Patent Office

**«Gode patent er avgjerande for å tiltrekkje seg investorar og for å bygge ei verksemd.»**

– Per Gisle Djupesland,  
grunnleggjar av Optinose

## Etablerte firma

I 2000 var Djupesland og kona Helena med på å grunnleggje Optinose AS for å kommersialisere oppfinninga. Ho har ein juridisk grad og ein MBA, og var administrerende direktør i Optinose det første tiåret. Han krediterer henne for den sentrale rolla hun har hatt heilt frå starten. I dag er Optinose NASDAQ-notert og sysselset over 200 personar. Sidan USA utgjør over 40 prosent av den globale farmasøytiske marknaden, lanserte Optinose eit amerikansk selskap i 2010, og dei har så langt fått godkjent og lansert to produkt på den amerikanske marknaden, eitt for akutt migrene og eitt for kronisk bihølebetennelse med polyppar.

Nasepumpa blir no også testa i kliniske studiar for kronisk bihølebetennelse utan polyppar. Selskapet undersøker om direkte medisintilførsel frå nasen til hjernen kan hjelpe folk med nevrologiske og psykiatriske tilstandar. Optinose annonserte nyleg at dei ville utvikle eit naseantiseptisk middel for å behandle både symptoma og overføringa av COVID-19.

Djupesland er i dag Chief Scientific Officer for Optinose og jobbar deltid som ØNH-spesialist. På denne måten dreg han nytte av kombinasjonen av forskning og praktisk erfaring som var medverkande til den vellykka utviklinga av oppfinninga.

## Rettar

Djupesland skjønnte tidleg at det var svært viktig å sende inn ein patentsøknad. Kliniske utprøvingar av farmasøytiske produkt er dyrt og tek år. Den nødvendige finansieringa av slike studiar frå investorar ville aldri vore mogleg utan først å sende inn gode patentsøknader.



Foto: European Patent Office

Djupesland sikra det første europeiske patentet i 2004, og sidan den gongen har han sendt inn andre patentsøknader for ei rekkje andre oppfinningar som styrker patentvernet.

Han framhevar tidleg innlevering av gode patentsøknader som ein avgjerande faktor for suksess. Forretningsideen deira er å gjere gode og trygge generiske legemiddel meir effektive gjennom det patenterte leveringssystemet. Nasepumpa og medisinen blir selde samla som eitt farmasøytisk produkt. Dei har brukt eit patentkontor med spesialkompetanse til støtte i patenteringsprosessen.

Optinose har også registrert fleire varemerke.

## Vann European Inventor Award i 2021

Det europeiske patentkontoret (EPO) gav Per Gisle Djupesland og oppfinninga hans utmerkinga European Inventor Award 2021 i kategorien «industri». Dette er ein høgthengande pris som han vann i konkurranse med ei rekkje framstående oppfinnarar. Han er første nordmann som har fått denne utmerkinga.

# Immaterielle rettar

## Industrielle rettar



### Patent

Eit patent vernar ei konkret løysing på eit teknisk problem. Du kan få patent på ei oppfinning.



### Varemerke

Eit varemerke er eit kjenneteikn du kan bruke for å skilje dine varer og tenester frå andre sine.



### Design

Designregistrering gjev einerett til utsjånaden og forma på eit produkt – det dekorative eller estetiske aspektet.

## Andre immaterielle rettar



### Opphavsrett, copyright

Retten til litterære og kunstnarlege åndsverk, til dømes eit musikkstykke, ei bok, eit måleri, brukskunst eller ein film.



### Forretningshemmelegheiter

Fortrulege opplysningar om drifts- og forretningsforholda til verksemda, spesifikk kunnskap og teknologiske opplysningar.



### Geografiske nemningar

Gjev høve til å verne produktnemningar på mat og drikke ut frå opphav, geografi og tradisjonelt særpreg. Dette blir administrert av Matmerk.

# Organisasjonar



## [World Intellectual Property Organization \(WIPO\)](#)

Verdsorganisasjonen for immaterialrett er ein av spesialorganisasjonane til FN og har som oppgåve å fremje utvikling av immaterielle rettar globalt. WIPO har 193 medlemsland og har hovudsete i Genève. Dei viktigaste søknadsordningane for industrielle rettar som WIPO administrerer, er desse:

### **Madridprotokollen**

er ein internasjonal avtale som gjer det enklare og billegare å søkje internasjonal varemerkeregistrering i fleire land samtidig. Dekkjer 126 land.

### **Haag-overeinskomsten**

er ei internasjonal ordning som gjer at ein ved hjelp av éin søknad kan få vern for designet sitt i dei landa som er medlem av ordninga. Dekkjer 93 land.

### **Patent Cooperation**

**Treaty (PCT)** er ei internasjonal søknads-ordning for patent. Ordninga forenkler innlevering og gransking dersom du skal søkje patent i fleire land. Dekkjer 155 land.



[European Union Intellectual Property Office \(EUIPO\)](#) er varemerke- og designstyresmakt for EU. EU-varemerke og EU-design gjeld i alle land som er medlem av EU, og derfor ikkje i Noreg. Norske personar og bedrifter kan likevel søkje om EU-varemerke/-design, både direkte og gjennom Madridprotokollen.




[Det europeiske patentverket, European Patent Office \(EPO\)](#) tek imot, behandlar og avgjer europeiske patentsøknader på grunnlag av reglane i den europeiske patentkonvensjonen, som Noreg er tilslutta. Det er 38 medlemsland i Den europeiske patentorganisasjonen.



[Nordisk Patentinstitutt \(NPI\)](#) behandlar internasjonale patentsøknader (PCT) for WIPO og utfører oppdrag som mellom anna nyheitsundersøkingar for utanlandske kundar. Noreg er partner i NPI saman med Danmark og Island.

# 3

## Aktivitetar og resultat



# Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

## Søknadsinngang

I 2021 fekk Patentstyret inn meir enn 21 000 søknader, som er 8 prosent fleire enn i 2020. 76 prosent av søknadene kom frå utanlandske søkjarar som ønskjer rettar i Noreg. Talet på varemerkesøknader auka mest, talet på patentsøknader auka litt, og talet på designsøknader var nokså stabilt.

Vi tildelte 17 417 varemerke-, design- og patentrettar i 2021, som er 3 prosent fleire enn i 2020. I tillegg blei 6 668 europeiske patent gjorde gjeldande i Noreg, ein nedgang for andre året i rekke, i tråd med ei venta utflating etter EPC-tilslutninga i 2008.

## Føringar i tildelingsbrevet

Patentstyret brukar hovuddelen av ressursane sine på behandling av søknader og andre lovpålagde styresmaktoppgåver. I tildelingsbrevet for 2021 la NFD vekt på vidare utvikling med sikte på auka digitalisering og ytterlegare effektivisering av søknadsbehandlinga. Vi har følgd opp føringane i tildelingsbrevet om å prioritere digitalisering og ytterlegare effektivisering av søknadsbehandlinga. Vi har mellom anna halde fram arbeidet med å utvikle og ta i bruk nye digitale løysingar som også bidreg til meir effektiv og kundevenleg kommunikasjon.

Prioritering av søknadsbehandlinga på varemerkeområdet blei særleg nemnt. Talet på avgjorde saker auka (+ 4 %), men på grunn av den rekordhøge inngangen (+ 9 %) blei ikkje talet på søknader under behandling redusert.

Ei anna føring i tildelingsbrevet var å utvikle samarbeidet med andre aktørar vidare: styresmakter nasjonalt og internasjonalt, brukargruppene som er nemnde i prioriteringsanalysen til Patentstyret, og andre verkemiddelaktørar. Det internasjonale arbeidet er omtalt under «Andre område Patentstyret har ansvar for», medan samarbeidet med verkemiddelaktørar, universitet og andre brukarar er omtalt under delmål 2. Vi gjennomførte i 2021 til dømes ei rekkje målretta tiltak for å bidra til å auke kompetansen i næringslivet på immaterielle verdier. Dette er omtalt under «Kompetanseoverføring» og «Samarbeid med verkemiddelapparatet».

Departementet har også bede om ei vurdering av korleis Patentstyret kan utvikle arbeidet med samanstilling av patentinformasjon (landskapsanalysar) og ei vurdering av på kva område slik informasjon kan vere nyttig, og korleis dette eventuelt kan bli inkludert i den årlege rapporteringa til departementet.

## Ressursbruk


Vi meiner ressursbruken har vore effektiv i 2021, både med tanke på korleis vi har prioritert, og korleis ressursane er brukte. Vi meiner at både måloppnåing og ressursbruk var tilfredsstillande. I 2021 brukte vi 94 prosent av tida på saksbehandling og andre myndighetsoppgåver, inkludert administrasjon, eiga kompetanseutvikling og kvalitetsarbeid. Om lag 3 prosent av tida blei brukt på aktivitetar som skal auke medvitet og kunnskapen om IPR i næringslivet og samfunnet elles, og om lag 3 prosent av tidsbruken var knytt til kommunikasjon og ulike typar informasjonstenester.

## Inntektene til Patentstyret

Patentstyrets hadde i 2021 inntekter på 258 318 000 kroner, altså noko lågare enn den endelege inntektsløyvinga på 267 399 000 kroner. Basert på prognosen per 2. tertial blei den opphavlege inntektsløyvinga redusert med 10 595 000 kroner i nysalderinga, på grunn av nedgang i talet på oppdrag frå kundane for NPI og lågare inntekter frå årsavgifter for patent. Om lag 97 prosent av inntektene til Patentstyret kjem frå dei lovpålagde rollene våre som myndigheit for patent-, varemerke- og designområdet og for behandling av klager på føretaksnamn.

Patentområdet står for størstedelen av inntektene. Det er også viktig å merkje seg at ein stor del – rundt ¾ – av inntektene til Patentstyret kjem frå utanlandske

Figur 3: Inntektene til Patentstyret i 2021



verksemder som ønskjer rettar i Noreg. Inntekter frå informasjonstenester (kurs og forundersøkingar) står for ein mindre del av inntektene til Patentstyret. Inntektene frå det arbeidet Patentstyret gjer for Nordisk Patentinstitut (NPI), utgjer også ein liten del av dei totale inntektene. Det blir rapportert særskilt på NPI seinare i del 3.

### Driftsutgiftene til Patentstyret

I 2021 hadde Patentstyret 286 113 000 kroner til rådvelde, slik det går fram av tabell 5. Patentstyret hadde i 2021 ei mindreutgift på 3 564 000 kroner samanlikna med samla løyving på kap. 935 post 01 og kap. 540 post 25. Sjå note B til årsrekskapen i del 6 for nøyaktige beløp. Løn og sosiale utgifter utgjorde 75,4 prosent av driftsutgiftene i 2021.

**Tabell 5: Driftsutgiftene til Patentstyret**

Tal i 1000 kr

Løyving ut frå saldert budsjett for 2021, kap. 0935 post 01	279 458
Belastningsfullmakt, kap. 0540 post 25	1 980
Lønnskompensasjon	4 675
<b>Sum til disposisjon, kap. 935, post 01 og kap. 540 post 25</b>	<b>286 113</b>
Utbetalningar til løn med fråtrekk for refusjonar	211 687
Andre utbetalningar til drift	69 164
Finans	2
Utbetalningar til investering (inventar, maskiner o.l.)	783
Sum utbetalningar frå kap. 93501 og kap. 54025	281 636
<b>Investering som skal betalast i 2021</b>	<b>913</b>
<b>Sum ubrukt løyving</b>	<b>3 564</b>



Foto: Patentstyret / Sara Høke Næss


# Kompetanseoverføring i Noreg

Ein del av stadene i Noreg der Patentstyret har spreidd kunnskap om IPR gjennom føredrag og fysiske og strøymde kurs i 2021.



# Patentstyret ut i verda

Patentstyret representerer Noreg internasjonalt i fleire forum der immaterialrett er tema. Vi held også nokre kurs internasjonalt.



# Resultat og måloppnåing 2021

## Hovudmål

Hovudmålet til Patentstyret for den strategiske perioden 2018–2022 er større bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsemd frå immaterielle verdjar. Vi har to delmål:

## Delmål 1: Fleire gode rettar

Det er eit mål for Patentstyret at vi tildeler fleire gode rettar. Med dette meiner vi rettar som har rett kvalitet, som kan handhevast, og som lét seg utnytte på ein god måte. Dette oppnår vi i første rekkje gjennom at søknadsbehandlinga og rettleiinga vår oppfyller krava til effektivitet, kvalitet og nøgde kundar.

## Effektivitet i saksbehandlinga

Vidare gjev vi ei oversikt over korleis talet på leverte og avgjorde søknader – og dermed talet på søknader som er til behandling – har utvikla seg over tid. Vi viser også behandlingstider og talet på ferdigbehandla søknader per årsverk innanfor kvart av områda varemerke, design og patent.

Figur 4: Oversikt over målstruktur MRS for delmål 1: Fleire gode rettar

Styringsdimensjon	Styringsindikator	Støttande analyse
→ <u>Effektivitet i saksbehandlinga</u>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Behandlingstider for patent, varemerke og design. Talet på søknader om patent, inkludert førstesøknader, varemerke og design</li><li>• Talet på ferdigbehandla søknader per årsverk brukt på saksbehandling</li><li>• Samanlikning av desse indikatorane med samanliknbare patentverk</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Talet på søknader om patent inkludert førstesøknader, varemerke og design</li></ul>
→ <u>Kvalitet i søknadsbehandlinga</u>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kvalitetskontrollar av prosentdel avgjerder for å kontrollere om dei er i tråd med regelverk og praksis</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Avgjerder frå Patentstyret mot klagebehandlinga i KFIR</li><li>• Harmonisering av praksis for varemerke og design med EUIPO og praksis for patent med EPO</li></ul>
→ <u>Kundevurdering av søknadsbehandlinga</u>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Undersøking av kor nøgde kundane er med behandling av patent-, varemerke- og designsøknader</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utvikling i tal og prosentdel av totaltalet på patentsøknader frå norske søkjarar som blir leverte som førstesøknader til Patentstyret</li><li>• Utvikling i at norske søkjarar brukar NPI som granskingsorgan for PCT</li></ul>



Foto: Patentstyret

## Varemerke – utviklinga på området

I 2021 auka talet på varemerkesøknader frå norske søkjarar direkte til Patentstyret til 3 910 søknader (1 prosent auke), etter to år med nedgang.

Samla kom det inn 18 142 varemerkesøknader og -utpeikingar frå norske og utanlandske søkjarar i 2021, ein auke på nær 9 prosent sidan 2020 og det høgaste talet nokon gong. Det er utpeikingar med utanlandske søkjarar som bidreg sterkast til auken, med 14 221 søknader, som er ein auke på 11 prosent. Medan talet på søknader frå norske privatsøkjarar (ikkje føretak) gjekk ned i 2020, ser vi at prosentdelen no har auka att frå om lag 9 prosent i 2020 til om lag 13 prosent i 2021, sjølv om talet på søknader frå norske søkjarar samla er berre litt høgare enn i 2020.

Patentstyret avgjorde 18 116 varemerkesøknader (varemerke og fellesmerke), 4 prosent fleire enn i 2020 og det høgaste talet på mange år. Om lag 86 prosent av dei avgjorde søknadene blei godkjende og registrerte.

På grunn av den høge inngangen av varemerke, og trass i den høge produksjonen, oppnådde vi ikkje målet om å redusere talet på søknader under behandling. Talet på søknader under behandling er derfor om lag som i 2020.

Mange land i Europa hadde ein auke i talet på varemerkesøknader i 2020 (nokre opptil 20 prosent auke), medan ei rekkje andre land hadde ein nedgang. Noreg hadde ein nedgang på 4 prosent. I krisetider har vi på patent og design tidlegare sett at inngangen av søknader kan gå begge vegar, medan på varemerke har ein meir eintydig sett at inngangen fell når den globale

Tabell 6: Utviklinga på varemerkeområdet

	2017	2018	2019	2020	2021
<b>Varemerkesøknader totalt (varemerke og fellesmerke)</b>	<b>17 307</b>	<b>17 279</b>	<b>17 287</b>	<b>16 660</b>	<b>18 142</b>
Direkte til Patentstyret frå norske søkjarar	4 439	4 765	4 168	3 862	3 910
Direkte til Patentstyret frå utanlandske søkjarar	3 061	2 799	2 844	3 031	3 219
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Madridprotokollen frå norske søkjarar	6	12	12	11	11
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Madridprotokollen frå utanlandske søkjarar	9 801	9 703	10 263	9 756	11 002
<b>Avgjorde søknader (varemerke og fellesmerke)</b>	<b>14 635</b>	<b>15 443</b>	<b>17 376</b>	<b>17 382</b>	<b>18 116</b>
Registrerte	12 228	12 450	14 391	14 464	15 544
Avslåtte	91	176	164	184	200
Vekklagde / trekte	2 316	2 817	2 821	2 734	2 372
<b>Talet på fornya varemerke og fellesmerke</b>	<b>11 946</b>	<b>12 105</b>	<b>11 012</b>	<b>11 963</b>	<b>12 525</b>
<b>Talet på registrerte varemerke og fellesmerke som er i kraft</b>	<b>218 357</b>	<b>219 939</b>	<b>224 082</b>	<b>231 574</b>	<b>236 535</b>

økonomien er usikker, og stig når børsindeksane i verda aukar. Etter at pandemien ramma i 2020, er det derfor ikkje overraskande at talet på aktive søknader frå norske og utanlandske føretak fell. Vidare veit vi at mange av børsindeksane i verda auka mykje i 2021, sjølv om landa blei ramma av pandemien også i denne perioden. Dette kan derfor ha bidrege til auken i talet på varemerkesøknader i 2021.

### Behandlingstid for varemerke

Vi måler gjennomsnittleg saksbehandlingstid frå søknaden blir levert, og til søkjaren får eit svarbrev eller ei registrering frå Patentstyret. I 2021 hadde Patentstyret som mål å starte behandlinga av ein nasjonal varemerkesøknad, eller registrere merket, i løpet av 5–6 månader i gjennomsnitt. På same tid var det eit mål å behandle ein

større del av søknadene innan 3 veker (søknadsvegvisaren) og 6 veker (Altinn).

Vi fekk inn om lag 7500 nasjonale varemerkesøknader, som blei behandla i løpet av 2,7 månader i gjennomsnitt (3,2 månader i 2020). Av desse blei 44 prosent (32 prosent i 2020) behandla i løpet av tre veker og 59 prosent (39 prosent i 2020) i løpet av seks veker.

I dei internasjonale utpeikingane som Patentstyret får frå WIPO (Madridprotokollen), var det eit mål å starte behandlinga i løpet av 7 månader. Desse sakene, som auka med over 11 prosent i mengd, blei behandla i løpet av gjennomsnittleg 7,5 månader (det same som året før).

### Ei varemerkeregistrering i Noreg kan skje på to måtar:

- Gjennom søknad om registrering direkte til Patentstyret. Fleirtalet av norske søkjarar leverer varemerkesøknadene på denne måten.
- Gjennom internasjonal søknad om registrering direkte til WIPO (eller via Patentstyret til WIPO), der søkjaren kan peike ut Noreg. Over halvparten av varemerkesøknadene til Patentstyret er i dag slike utpeikingar frå WIPO og kjem i hovudsak frå utanlandske søkjarar.

Dei samla varemerkerettane i Noreg utgjør ein kombinasjon av desse. Ei varemerkeregistrering gjeld for 10 år og kan fornyast for ti år om gongen.

Om lag 62 prosent (60 prosent i 2020) av søknadene blei registrerte utan brevveksling mellom søkjaren og Patentstyret. Vi følgjer med på denne prosentdelen fordi han fortel oss i kva grad kundane leverer søknader utan formelle feil eller manglar. Utviklinga over tid påverkar tida vi brukar per sak, og viser om vi lykkast med å informere og rettleie kundane før dei leverer inn søknader.


**Tabell 7: Talet på ferdigbehandla varemerkesøknader per årsverk brukt på saksbehandling**

	2017	2018	2019	2020	2021
Varemerke	386	391	459	492	530

I 2021 avgjorde Patentstyret gjennomsnittleg 530 søknader per årsverk. Søknadene har då blitt registrerte, nekta registrerte, vekklagde av Patentstyret eller er trekte av søkjaren. Tala viser at saksbehandlinga har blitt mykje

meir effektiv dei seinare åra. Det blei levert fleire søknader via søknadsvegvisaren i 2021 enn året før, og dette har bidrege til betre kvalitet og kortare behandlingstid på søknadene.

**Figur 5: Varemerke – søknader, avgjorde og til behandling**



Merknad til grafen: Det er gjort endringar i tala over avgjorde søknader for 2019 og 2020 grunna samla rapportering av vekklagde og endeleg vekklagde søknader. Gjeld også tabell 6.

## Ansvarsmerke

Eit ansvarsmerke er eit stempelmerke for gull-, sølv- og platinavarer. Patentstyret administrerer registeret over ansvarsmerke i Noreg. Ei gull-, sølv- eller platinavare som blir stempla med finleiksmerke, skal samtidig stemplast med eit ansvarsmerke. Eit ansvarsmerke fortel kven som har ført vara ut i marknaden (kven som er produsent eller importør). Det gjer det mogleg å identifisere kven som har laga vara, til dømes kva for ein gullsmed det er snakk om. Ansvarsmerke må fornyast kvart tiande år etter registrering. I 2021 blei det registrert 79 nye ansvarsmerke, og dette er ein liten auke frå 2020. 16 merke blei fornya. Dette er om lag som tidlegare år. Ved slutten av 2021 var det 1 375 ansvarsmerke i kraft i Noreg.

## Design – utviklinga på området

Patentstyret fekk om lag like mange designøknader i 2021 som året før. Talet på designøknader frå norske søkjarar var litt lågare enn i 2020. Ein designøknad kan innehalde fleire design, slik at det også er relevant å telje kor mange design det er snakk om samla. Dei 1 292 søknadene Patentstyret fekk, inneheldt 3 941 design, som er 6 prosent lågare enn året før. Det låge talet på designøknader, særleg når det gjeld norske søkjarar, svingar mykje over tid, og det er derfor krevjande å finne klare samanhengar mellom årleg søknadstal og andre trendar.

Til skilnad frå patent- og varemerkesøknader, granskar ikkje Patentstyret designøknadene med mindre søkjaren eksplisitt ber om det. Dei fleste designøknadene blir derfor godkjende raskt etter at dei er leverte inn (om lag 95 prosent). Søkjaren har sjølv ansvaret for ikkje å

krenkje rettane til andre, men kan be Patentstyret om å gjere ei nyheitsvurdering.

I 2021 avgjorde vi om lag like mange søknader som vi fekk inn.

### Behandlingstid for design

Det er eit mål at den som søker Patentstyret om registrering av design, skal få avgjort søknaden i løpet av 2–3 månader. Den gjennomsnittlege behandlingstida var 3,2 månader (2,1 månader i 2020). Den auka behandlingstida skriv seg mellom anna frå at ein brukte ressursar på å forbetre arbeidsflyten på designområdet. Vi reknar med at gjennomsnittleg behandlingstid vil bli redusert til om lag 2 månader igjen i 2022.

## Ei designregistrering i Noreg kan skje på to måtar:

- Gjennom søknad om registrering av design direkte til Patentstyret. Fleirtalet av norske søkjarar leverer designøknadene på denne måten.
- Gjennom internasjonal søknad om registrering direkte til WIPO (eller via Patentstyret til WIPO), der søkjaren kan peike ut Noreg. Om lag to tredelar av designøknadene til Patentstyret er slike utpeikingar og kjem i hovudsak frå utanlandske søkjarar.

Dei samla designrettane i Noreg utgjer ein kombinasjon av desse. Ei designregistrering gjeld for fem år og kan deretter fornyast for opptil fire nye femårsperiodar. Ein designøknad og ei designregistrering kan innehalde fleire design.

Tabell 8: Utviklinga på designområdet

	2017	2018	2019	2020	2021
<b>Designøknader totalt</b>	<b>1 253</b>	<b>1 154</b>	<b>1 212</b>	<b>1 279</b>	<b>1 292</b>
Direkte til Patentstyret frå norske søkjarar	242	242	244	236	211
Direkte til Patentstyret frå utanlandske søkjarar	165	181	147	163	209
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Haag-overeinskomsten frå norske søkjarar	40	20	22	31	37
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Haag-overeinskomsten frå utanlandske søkjarar	806	711	799	849	835
<b>Avgjorde designøknader</b>	<b>1 078</b>	<b>1 370</b>	<b>1 127</b>	<b>1 277</b>	<b>1 285</b>
Registrerte designøknader	1 041	1 328	1 101	1 237	1 223
Avslåtte	0	0	0	1	1
Lagde vekk / trekte	37	42	26	39	61
<b>Talet på design</b>	<b>4 488</b>	<b>3 775</b>	<b>4 232</b>	<b>4 171</b>	<b>3 941</b>
<b>Talet på fornya designregistreringar</b>	<b>967</b>	<b>1 034</b>	<b>1 045</b>	<b>1 353</b>	<b>1 378</b>
<b>Talet på registrerte design i kraft</b>	<b>9 828</b>	<b>10 377</b>	<b>10 717</b>	<b>11 544</b>	<b>11 728</b>

**Tabell 9: Talet på ferdigbehandla designsøknader per årsverk brukt på saksbehandling**

	2017	2018	2019	2020	2021
Design	495	535	476	639	730


I 2021 avgjorde vi gjennomsnittleg 730 søknader per årsverk. Søknadene har då blitt registrerte, nekta registrerte, lagde vekk av Patentstyret eller er trekte av søkjaren. Tala viser at saksbehandlinga har blitt mykje meir effektiv dei seinare åra.

### Patent – utviklinga på området

Talet på patentsøknader som blei leverte til Patentstyret i 2021, var 1 580 – ein auke på om lag 9 prosent frå 2020. Auken er størst for søknader frå utanlandske søkjarar – om lag 12 prosent – medan talet på søknader frå norske søkjarar auka med 8 prosent. Prosentdelen frå norske søkjarar er om lag som året før: 60 prosent (mot 61 prosent i 2020).

Det har som venta vore ei stor mengd europeiske patent som har blitt gjorde gjeldande (validerte) i Noreg etter at Noreg slutta seg til Den europeiske patentkonvensjonen (EPC) i 2008. Det ser no ut for at veksten har stoppa. Dette kjem av at prosentdelen av dei europeiske patenta Det europeiske patentverket gjev årleg som kan gjerast gjeldande i Noreg, ikkje aukar lenger. Talet på europeiske patent har også gått ned årleg etter 2019. Vi ventar derfor at talet på europeiske patent mottekne for validering i Noreg vil flate ut på rundt 6 000. Samla er det årlege talet på patentsøknader og validerte patent

**Figur 6: Design – søknader, avgjorde og under behandling**



høgare enn før Noreg slutta seg til EPC, så venteleg vil talet på patent i kraft i Noreg framleis auke i nokre år framover.

Om lag 39 prosent av patentsøknadene som blei avgjorde i 2020, førte til patent. Dette er lågare enn dei siste åra. Nedgangen skriv seg frå at dei vidareførte søknadene utgjer stadig lågare del av dei avgjorde søknadene, og ein større del av dei vidareførte fører til patent enn for førstesøknadene.

Søknadsbehandlinga kan bli avslutta på ulike måtar – ved at Patentstyret gjev patent eller avslår søknaden, eller fordi han blir trekt. Søknader kan også bli lagde vekk om søkjaren ikkje held fristar for nødvendige svar, eller om søkjaren betalar gebyr og avgifter for seint. Dei fleste

søknadene som blir lagde vekk, gjeld oppfinningar som ikkje er nye eller ikkje skil seg vesentleg frå kjend teknikk, og som derfor ikkje ville ført til patent. Basert på vurderingane frå Patentstyret vel nokre søkjarar å avslutte behandlinga av søknaden. Prosentdelen patentsøknader som blir lagde vekk, har auka det siste året. Totalt blei 193 færre patentsøknader avgjorde i 2021 enn året før. Noko av årsaka til dette er at vi la særleg vekt på å fullføre kompliserte søknader, og dette tek lengre tid per sak.

### Behandlingstid for patentsøknader

Behandlingstida for patentsøknader er av fleire årsaker lengre enn for varemerke- og designsøknader. For søkjarar som leverer ein førstesøknad (ikkje innlevert i eit anna land), er det viktig å få ei rask vurdering av om

oppfinninga er patenterbar, slik at ein får ein indikasjon på om ein bør levere tilsvarende søknader i andre land innanfor dei tidsfristane som gjeld. Vi gjev første vurdering i løpet av 7 månader i omtrent 95 prosent av alle førstesøknadene. Det er raskast i Norden.

Dei resterande søknadene er internasjonale patent-søknader (PCT) som blir førte vidare i Noreg, og søknader som tidlegare har vore leverte i andre land. Desse er allereie granska, og søkjaren har derfor ikkje same behov for ei rask behandling i Patentstyret. Tida fram til endeleg avgjerd blir redusert år for år også for PCT-søknadene, og ho vil halde fram med å gå ned framover.

### Patentvern i Noreg kan ein få på to måtar:

- Gjennom patentsøknad til Patentstyret, anten direkte (nasjonale søknader) eller via PCT-søknadsordninga (internasjonale søknader). Fleirtalet av norske søkjarar leverer patentsøknadene sine direkte til Patentstyret, medan utanlandske søkjarar oftast brukar PCT.
- Gjennom patentsøknad til Det europeiske patentverket (EPO). Det europeiske patentet kan seinare bli gjort gyldig i Noreg (validert). Det er hovudsakleg utanlandske søkjarar som nyttar denne ordninga.

Dei samla patentrettane i Noreg utgjer ein kombinasjon av desse. Eit patent blir halde ved lag så lenge det blir betalt årleg avgift, men maksimalt 20 år frå søknaden blei levert inn. Gjennomsnittleg levetid for norske patent er om lag 15 år.

Tabell 10: Utviklinga på patentområdet

	2017	2018	2019	2020	2021
<b>Patentsøknader totalt</b>	<b>2 063</b>	<b>1 660</b>	<b>1 531</b>	<b>1 444</b>	<b>1 580</b>
Nasjonale søknader frå norske søkjarar	1 108	1 016	883	834	899
Nasjonale søknader frå utanlandske søkjarar	136	101	89	101	123
Internasjonale søknader som er førte vidare i Noreg, frå norske søkjarar	53	53	71	46	49
Internasjonale søknader som er førte vidare i Noreg, frå utanlandske søkjarar	766	490	488	463	509
<b>Prosentdel patentsøknader frå norske søkjarar</b>	<b>56 %</b>	<b>64 %</b>	<b>62 %</b>	<b>61 %</b>	<b>60 %</b>
Avgjorde patentsøknader	4 073	3 343	2 231	1 848	1 655
Godkjende	2 148	1 548	1 211	907	650
Avslåtte	14	8	10	8	4
Lagde vekk / trekte	1 911	1 787	1 010	933	1 001
<b>Europeiske patent som er mottekne for validering i Noreg</b>	<b>5 796</b>	<b>6 826</b>	<b>8 163</b>	<b>7 759</b>	<b>6 930</b>
<b>Talet på patent i kraft (norske patent og europeiske patent som er validerte i Noreg)</b>	<b>31 571</b>	<b>36 498</b>	<b>42 137</b>	<b>46 398</b>	<b>48 402</b>

### Talet på ferdigbehandla søknader per årsverk brukt på saksbehandling

Vi avgjorde gjennomsnittleg 42 patentsøknader per årsverk saksbehandling i 2021. Dette talet omfattar kunngjorde patent, avslag, vekklagde, endeleg vekklagde og trekte søknader. Talet er lågare enn i fjor. Det er omtrent på nivå med dei andre nordiske landa. I alle dei nordiske landa tek kvar sak fleire arbeidstimar å avgjere no enn for nokre år sidan. Årsaka til det er ukjend, men det er planlagt ein nordisk analyse i 2022.


**Tabell 11: Talet på ferdigbehandla patentsøknader per årsverk brukt på saksbehandling**

	2017	2018	2019	2020	2021
Patent	80	71	53	51	42

### Talet på førstesøknader om patent

Førstesøknader er søknader der oppfinninga blir omtalt for første gong. Oppfinninga er då ikkje levert i eit anna land tidlegare, og har ikkje prioritet frå ein tidlegare søknad. Alle internasjonale patentsøknader som blir førte vidare i Noreg, har prioritet frå ein tidlegare søknad. Det er relativt vanleg at søkjarar vel å levere den første søknaden i heimlandet. Av dei 1 580 søknadene Patentstyret fekk inn i 2021, var 853 førstesøknader (54 prosent). 828 førstesøknader var frå norske søkjarar (92 prosent av søknadene leverte direkte til Patentstyret med norske søkjarar), og 25 førstesøknader blei leverte i Noreg av utanlandske søkjarar (20 prosent av søknadene blei leverte direkte til Patentstyret med utanlandske søkjarar).

**Figur 7: Patent – søknader, avgjorde og til behandling**



Merknad til grafen: Det er gjort endringar i tala over avgjorte søknader for 2019 og 2020 grunna samla rapportering av vekklagde og endeleg vekklagde søknader. Gjeld også tala i tabell 10.

## Kvalitet i søknadsbehandlingen

Patentstyret har eit system for kvalitetsstyring som bidreg til å sikre rett kvalitet i søknadsbehandlingen. Rett kvalitet vil seie at resultatet vi leverer til kundane våre, er korrekt og levert til avtalt tid, slik at vi er føreseielege overfor kundane. Patentstyret er sertifisert etter den internasjonalt anerkjende standarden ISO 9001:2015.

## Kvalitetskontroll av avgjerder for å kontrollere om dei er i tråd med regelverk og praksis

Som ein del av kvalitetsstyringa gjennomfører vi jamlege kvalitetsmålingar på patent-, varemerke- og designområdet for å verifisere samsvar mellom krav og praksis. Målingane gjev oss grunnlag for å vurdere om vi oppfyller eksterne og interne krav til korrekt avgjerd, og grunnlag for å identifisere moglege område vi bør forbetre. I ei kvalitetsmåling vel vi ut tema som er avgjerande for korrekt saksbehandling, og kontrollerer eit utval saker ved hjelp av stikkprøver for å sjå om vi oppfyller kvalitetskrava i desse sakene.

Dei overordna kvalitetsmåla til Patentstyret er å oppfylle krav til rett kvalitet i 96 prosent av sakene. På varemerkeområdet kontrollerte vi søknadene som blei behandla i løpet av mars. Vi fann berre eitt avvik i sakshandsaminga, og var dermed innanfor målet om rett kvalitet i 96 prosent av dei kontrollerte sakene.

Vi gjekk også gjennom søknader på designområdet, og der fann vi ingen avvik.

På patentområdet var det opphavleg planlagt å gjennomføre 2 stikkprøvekontrollar i 2021, men ingen av dei blei gjennomførte. Årsaka til dette er at avdelinga




Foto: Patentstyret / Sara Holte Nass

skifta kvalitetsansvarleg midt i året, og opplæring og utfasing frå tidlegare arbeidsoppgåver tok lenger tid enn venta. Gjennomføringa av stikkprøvekontrollane er derfor forseinka, men begge vil bli gjennomførte tidleg i 2022.

I alle dei gjennomførte kvalitetskontrollane fann vi fleire område for betring knytt til søknadsprosessane. Dersom vi observerer manglar som ikkje nødvendigvis er klare avvik, følgjer vi også opp desse for å sikre at vi kontinuerleg forbetrar prosessane våre.

## Interne revisjonar

I løpet av 2021 gjennomførte vi seks interne revisjonar for å forbetre og effektivisere interne prosessar og kvaliteten på tenestene vi leverer til kundane. Vi såg mellom anna på desse områda: Ny arbeidsflyt for søknadsbehandlingen på design, merkeendringsførespurnader på varemerke, endringar i patentretningslinjer og rutineskildringar på patent, søkjetenesta vår, tilbodet om akselerert saksbehandling og gjennomgang av dokumentasjon knytt til personvernarbeid.

Dei seks revisjonane resulterte i totalt 12 avvik, 29 observasjonar og 24 forbetningsforslag. Vi følgjer opp funna, og set i verk tiltak som forbetrar desse prosessane framover.

Vi har i 2021, som tidlegare år, jobba vidare med å identifisere og redusere risiko for feil. Det blir gjennomført fleire årlege risikogjennomgangar for å orientere leiargruppa om moglege svake sider, med sikte på å setje i verk førebyggjande tiltak.

## Vurdering av avgjerder frå Patentstyret opp mot resultatet av klagebehandlingen i KFIR

Klager på avgjerdene til Patentstyret i patent-, varemerke og designsoknader blir behandla av Klagenemnda for industrielle rettar (KFIR). Talet på klager er normalt om lag 100–150 per år og har halde seg på dette nivået gjennom mange år.

I 2021 kom det inn 144 nye klagesaker. Talet er lågt samanlikna med dei om lag 21 000 avgjerdene Patentstyret tek kvart år. Det er ulike grunnar til at søkjarane klagar på avgjerdene våre, og talet på klager seier derfor ikkje automatisk noko om kvaliteten på avgjerdene i Patentstyret. Det er likevel nyttig å sjå på vurderingane og resultatet av klagebehandlinga i KFIR.

- **Varemerke:** I dei 107 varemerkesakene som KFIR avgjorde i 2021, blei avgjerda til Patentstyret halden fast i 77 saker, medan avgjerda heilt eller delvis blei oppheva i 21 av sakene. Dei resterande sakene blei heva eller avviste av KFIR.
- **Design:** Det har ikkje vore klager på designområdet i 2021.
- **Patent:** KFIR behandla og avgjorde 22 patentklager i 2021. I femten av avgjerdene har KFIR kome til same avgjerd som Patentstyret, og i seks saker blei avgjerda heilt eller delvis oppheva. Éi klage blei heva.

Patentstyret går gjennom resultatene av alle klagesaker etter kvart. Sakene der KFIR har kome til eit anna resultat enn Patentstyret, er ofte tvilssaker. Partane i klagesaker kan også kome med ny dokumentasjon til behandlinga i KFIR, og dette har i fleire tilfelle ført til at innhaldet i klaga er eit anna enn då søknaden blei behandla i Patentstyret. Vi meiner tala viser at resultatene til Patentstyret stort sett samsvarar med avgjerdene til KFIR.

### Harmonisering av praksis med EUIPO og EPO

For det norske næringslivet er det viktig at likt regelverk for behandling av søknader om patent, varemerke og design blir praktisert likt i ulike land, slik at behandlinga er føreseieleg for den som søker om registrering i fleire land.

I tillegg til avgjerdene frå KFIR og domstolane, følgjer Patentstyret med på europeisk praksis i EPO, EUIPO, EU-retten og EU-domstolen.

Gjennom «Convergence Programme» samarbeider EUIPO og dei nasjonale IPR-styresmaktene for å gjere saksbehandlinga meir einskapleg på varemerke- og designområdet. Patentstyret har i 2021 teke del i to ulike program på varemerkeområdet. Patentstyret vil delta i dette samarbeidet også i 2022. I tillegg slutførte vi i januar eit viktig samarbeidsprosjekt med EUIPO for å ta i bruk fellesløysinga frå EU for klassifisering av varer og tenester – Harmonised Database.

Patentstyret har også teke del i to «Convergence Programme» i samarbeid med EPO på patentområdet i 2021, og planlegg å delta i to program i 2022. På patentområdet gjennomfører vi harmoniseringsstudiar gjennom Nordisk Patentinstitutt (NPI). Patentstyret og EPO behandlar dei same PCT-søknadene, og vi samanliknar resultatene av saksbehandlinga hos begge styresmaktene i etterkant. Vi avslutta den sjettede av desse studiane i 2021. Hovudfunnet er også denne gongen at Patentstyret og EPO hovudsakleg er harmoniserte med kvarandre. Vi kan framleis forbetre oss på enkelte område, og dette legg vi vekt på i opplæringa av saksbehandlarane. Studiane har vist variasjonar i skjønnsvurderinga, både internt mellom saksbehandlarane i Patentstyret og internt i EPO. Det er utfordrande å eliminere dette, sidan skjønn er avhengig av korleis den enkelte saksbehandlarer forstår og vurderer ein konkret patentsøknad. Den sjuande harmoniseringsstudien er starta i 2021 og blir fullført i 2022.



Foto: Patentstyret / Sara Holte Næss


## Kundevurdering av søknadsbehandlinga

Vi har undersøkt i kva grad privatkundar og bedriftskundar som har levert søknad om patent-, varemerke eller designregistrering i løpet av 2021, er nøgde. Undersøkingane er gjennomførte i mai 2021, september 2021 og januar 2022, og vi viser her samla resultat. Til saman har 327 kundar svart. Det gjev ein svarprosent på 16 prosent.

Undersøkinga måler kor nøgde kundane er med søknadsprosessen, og kor nøgde dei er med rettleiinga dei får gjennom kundesenteret vårt i samband med søknaden.


Resultata viser at kundane stort sett er svært nøgde med søknadsbehandlinga, og det er små skilnader mellom dei ulike søkjargruppene.

Figur 8: Vurdering av søknadsprosessen



Grafane viser gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 4, der 1 er svært misnøgd og 5 er svært nøgd.

Figur 9: Vurdering av rettleiing



Grafane viser gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 4, der 1 er svært misnøgd og 5 er svært nøgd.

## Vurdering av forundersøkingar

Vi gjennomfører også kvart år ei undersøking blant dei som har kjøpt éi eller fleire forundersøkingar innanfor patent, varemerke og design. Av dei 326 som fekk undersøkinga, har vi fått 62 svar (svarprosent på 19 prosent). Resultata viser at kundane er svært nøgde med forundersøkingane våre, omtrent på nivå med i fjor.


For å komplettere kvantitative kundevurderingsundersøkingar gjennomførte vi i 2021 også djupneintervju med nokre av kundane våre som har mykje kunnskap om patentområdet.

## Tal og prosentdel patentsøknader frå norske søkjarar som blir leverte som førstesøknad til Patentstyret

Patentsøklarar vel ofte å levere den første søknaden om patent (førstesøknaden) i heimlandet og seinare søkje patent i andre land med prioritet frå denne første søknaden. Nærleik og god kommunikasjon med patentmyndigheita i eige land er ofte grunnen til dette valet. Prosentdelen av førstesøknader frå norske søkjarar som blir leverte til Patentstyret, kan vere ein indikasjon på kor nøgde søkjarane er med Patentstyret, og dette er derfor valt som ein støttande analyse i MRS. Det er samtidig ikkje eit krav at førstesøknaden blir levert i eige land, og det kan av strategiske årsaker vere fornuftig for enkelte søkjarar å levere førstesøknaden i andre land eller til EPO.

Dersom ein skal søkje patent i fleire land, er det vanleg å bruke PCT-systemet og levere ein internasjonal patentsøknad som blir granska av eit PCT-organ, til dømes NPI. Deretter kan søkjarane føre søknaden vidare i dei landa der dei ønskjer patentvern. Det mest vanlege

Figur 10:



Grafane viser gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 4, der 1 er svært misnøgd og 4 er svært nøgd.

er å levere førstesøknaden i eige land, i eit anna land eller til EPO, og deretter levere ein PCT-søknad med prioritet frå førstesøknaden. Det er også mogleg å starte patentsøknadsprosessen med å levere ein PCT-søknad, slik at dette blir førstesøknaden.

Tabellen nedanfor viser at over halvparten av dei internasjonale patentsøknadene (PCT) som norske søkjarar leverer, har prioritet frå ein norsk søknad, altså at søknaden første gong blei levert inn til Patentstyret. Resten av dei internasjonale søknadene frå norske

søkjarar hadde hovudsakleg prioritet frå USA, Storbritannia og EPO. Tala er baserte på det året søknaden blei publisert.

Dei siste åra har prosentdelen med norsk prioritet variert lite. Samanlikna med Sverige og Danmark ser vi at norske søkjarar i større grad brukar førstesøknad i heimlandet enn det danske og særskilt svenske søkjarar gjer. Dette kan kome av høgare grad av internasjonalisering, men kan også spegle preferansar hos rådgjevarane.

Tabell 12: Prosentdel internasjonale patentsøknader frå norske søkjarar som har prioritet frå norsk søknad

	2017	2018	2019	2020	2021
Talet på internasjonale søknader (PCT) frå norske søkjarar	727	778	768	713	700
Prosentdel av desse som har prioritet frå norsk søknad	53 %	51 %	52 %	55 %	50 %

## Delmål 2: Betre bruk av immaterielle verdier

Det er eit mål for Patentstyret at norske bedrifter har nok kunnskap og medvit om korleis dei kan sikre lønsemd gjennom rett bruk av immaterielle rettar og verdier. Gjennom forvaltning og formidling av kunnskap om immaterielle rettar og verdier er Patentstyret ein del av det norske innovasjonssystemet.

Vi har styringsindikatorar som måler korleis vi bidreg til styringsdimensjonane kompetanseoverføring til utvalde målgrupper og IPR-modenskap blant norske brukarar. Dette arbeidet må tilpassast etter dei økonomiske rammene Patentstyret har, og føringa frå Nærings- og fiskeridepartementet om å prioritere delmål 1. Som omtalt i innleiinga til del 3, har vi i 2021 derfor bruke ein svært liten del (6 %) av ressursane på dette delmålet.

### Kompetanseoverføring Omfang av kurstillbod

Kurstillbodet til Patentstyret rettar seg både mot personar med lite eller ingen kunnskap om fagfeltet og mot profesjonelle aktørar. Kursa skal auke kunnskapen om immaterielle rettar og verdier i det norske næringslivet, og bidra til kompetanseutvikling for dei profesjonelle aktørane.

2021 blei, som 2020, prega av korona, og dette gjorde det vanskeleg å arrangere kurs der deltakarane var fysisk til stades. Vi heldt derfor fram praksisen med å gjennomføre dei aller fleste arrangementa som gratis, kortare webinar. Tre av arrangementa blei gjennomførte med deltakarane fysisk til stades, mellom anna Innovasjonskraft 2021, eit seminar i samarbeid med DOGA og

IP-dagen, ein fagdag saman med FONIP og NIP, som er skildra i nærare detalj i kapittelet «Samarbeid med rådgjevarar på IPR-feltet» nedanfor.

Vi gjennomførte totalt 33 arrangement i 2021, med om lag 4 740 påmelde frå næringslivet og profesjonelle IP-aktørar som ønskte å lære meir om immaterielle verdier og rettar. Av desse ville 3 311 delta på dei direktesende arrangementa. Alle påmelde til webinarane til Patentstyret får høve til å sjå opptak av kurset i etterkant. Kursa er dermed tilgjengelege for fleire, og den enkelte kan sjå opptaket eller delar av det når det passar dei.

I 2021 publiserte vi totalt 23 opptak på nettsidene til Patentstyret, og i løpet av året blei dei sett av 1 434 personar med ulikt kunnskapsnivå. Interessa for å sjå opptak har auka markant med over 60 prosent frå 2020, då tilbodet første gong blei lansert.

Vi treffer breiare og kan igjen konstatere at digitale, gratis og kortare kurs resulterer i deltakarar frå heile landet, slik kartet på [side 19](#) viser.

Vi måler alltid effekten av arrangementa våre gjennom korte spørjeundersøkingar i etterkant, og over 91 prosent av deltakarane meinte dei var nyttige. I overkant av 91 prosent svarte også at dei kan gjere bruk av kunnskapen i den daglege jobben sin, og dette er godt over målet på 85 prosent. Snittvurderinga per kurs låg på 3,53 (på ein skala frå 1 til 4, der 4 er høgast), ein auke frå 3,45 frå året før. Det er interessant å sjå at deltakarane er noko meir nøgde enn i 2020. Dette tyder på at Patentstyret leverer kurs, webinar og arrangement på eit jamt, høgt nivå.

### Nokre av temaa på arrangementa våre i 2021

- Introduksjonskurs om vern av verna av patent, varemerke og design
- Domenenamn, firmanamn og varemerk – alt du treng å vite
- Arbeidstakaroppfinningar
- IP-strategisk perspektiv: finansiering, oppkjøp, sal og fusjon
- Kva skjer med IP-rettane ved ein konkurs?
- Strategiar for å byggje ein IPR-portefølje
- Strategies to scale your tech company
- R&D collaboration and joint venture agreements
- US patent practice – most common mistakes and how to fix them
- Oppdateringar i Madrid-systemet for ekspertar med WIPO
- IP Assessment med EPO
- IP for You med EUIPO

### Føredrag og arrangement

Patentstyret heldt 60 eksterne føredrag for 1 968 deltakarar i 2021. 68 prosent av føredraga heldt vi for, og i samarbeid med, verkemiddelapparatet, inkubatorar, næringshagar, katapultar, næringslivsorganisasjonar og andre aktørar. Dei resterande føredraga var for studentar ved norske universitet og høgskular (UoH). Vi heldt føredrag for 411 studentar innanfor ingeniørfag, innovasjon og entreprenørskap, bioteknologi og merkevarebygging. UoH-miljøa etterspurde førelesingar om søk etter patentinformasjon, vern av programvare og førelesingar om patent, varemerke og design generelt. Evalueringane viser at tilhøyrarane var godt nøgde med førelesingane.

Vi inngjekk også ein eittårig avtale med Ungt Entreprenørskap Norge. Patentstyret tilbyr gjennom denne avtalen opplæring og ressursar for studentar som er tilknytte det pedagogiske programmet Studentbedrift frå Ungt Entreprenørskap.

Patentstyret bidrog til å auke IPR-kompetansen også hos deltakarar vi treffe på ulike arrangement, sjølv om talet på fysiske møteplassar framleis var redusert samanlikna med åra før pandemien. Vi var til stades med stand på Starte og drive bedrift-dagen, vi heldt føredrag på fiskeoppdrettsmessa Aqua Nor 2021, og vi deltok på 26 andre arrangement for å informere om IPR og skape gode relasjonar til strategiske samarbeidspartnarar.

### Samarbeid med verkemiddelaktørane

Patentstyret har I 2021 samarbeidd med Innovasjon Noreg, Forskingsrådet, Siva, Design og arkitektur Norge (DOGA), Brønnøysundregistra, Altinn og Norid. Målet med samarbeidet er først og fremst å utvikle felles aktivitetar og tenester, slik at fleire bedrifter aukar kunnskapen og medvitet om korleis vern av immaterielle verdiar kan bidra til verdiskaping og auka konkurransekraft. I 2021 gjennomførte vi fleire aktivitetar enn i 2020.

- Vi gjennomførte seminaret Innovasjonskraft i samarbeid med DOGA med digital omstilling som tema. Føremålet var å vise korleis design og vern av rettar kan bidra til digital omstilling. Heile 93,8 prosent av deltakarane meinte at dei kan gjere bruk av kunnskapen frå seminaret i eige arbeid.
- I samarbeid med andre aktørar frå verkemiddelapparatet har Brønnøysundregistra, Patentstyret og Norid stått saman om å arrangere «Starte og drive bedrift»

rundt i Noreg sidan 2013. Vi arrangerte i alt 4 slike rundt om i Noreg, og dette er blant dei mest besøkte arrangementa våre også i 2021.

- Vi har gjennomført ei rekkje aktivitetar for å bidra til auka kompetanse og medvit om IPR blant inkubatorar, næringshagar og kunnskapsparkear i Siva-nettverket, det meste digitalt i form av møte, føredrag og webinar. Hovudressursane for arbeidet med Siva-strukturen blei i 2021 lagde i å utvikle ei webinarserie i tre delar rundt temaet «Strategisk utvikling og forvaltning av IPR», der føremålet var å gje innsikt i korleis ein IPR strategi for ei oppstartsbedrift kan utviklast.
- Vi har oppretta ytterlegare kontakt med miljøa i Norsk Katapult og arrangerte eit webinar saman med dei for å synleggjere korleis eit slikt senter kan vere til nytte i innovasjonsprosessar. Samarbeidet med Norsk Katapult vil bli ytterlegare styrkt i 2022.

### Samarbeid med rådgjevarar på IPR-feltet

Patentfullmektigar og advokatar er storbrukarar av tenestene våre og bidreg til å styrkje IPR-kompetansen i næringslivet i Noreg. For å levere gode tenester til næringslivet er det viktig at Patentstyret har eit godt samarbeid med aktørane. I 2021 arrangerte Patentstyret for andre gong ein fagdag saman med Foreningen for norske IP-rådgivere (FONIP) og Norsk forening for Industriens Patentingeniører (NIP). Føremålet med dagen er mellom anna å identifisere kva behov næringslivet har, og kva felles utfordringar aktørane på IPR-feltet står overfor. For å få innspel til vidareutvikling og brukar-tilpassing av tenestene våre gjennomførte vi jamlege samarbeidsmøte med FONIP, IPR-rådgjevarar og advokatar på områda patent, varemerke og kommunikasjon.

### Inkubatorar

Ein inkubator er eit innovasjonsselskap som skal bidra til utvikling og etablering av nye vekstbedrifter og skape vekst i det etablerte næringslivet. Inkubatoren tilbyr eit fagleg og sosialt miljø der gründerar, bedrifter, akademia, FoU-miljø, investorar og andre blir kopla saman. Meir info: <https://siva.no/virkemidler/inkubasjonsprogrammet/> ↗

### Næringshagar

Ein næringshage er ein operatør for næringshageprogrammet til Siva. Næringshagen er eit bedriftsfellesskap som arbeider for utvikling av næringslivet i sin region. Næringshagemiljøet omfattar ei rekkje bedrifter som er samlokaliserte i næringshagen eller knytte til han gjennom tett oppfølging og samarbeid. Næringshagen gjev bedrifter i distrikta eit innovativt, fagleg og sosialt miljø. Meir info: <https://siva.no/virkemidler/naeringshageprogrammet/> ↗

### Norsk katapult

Norsk katapult er ei ordning med nasjonale senter som tilbyr fasilitetar, utstyr og kompetanse. Katapultsenter gjer det enklare for innovative bedrifter å utvikle prototypar, teste, visualisere og simulere. Dette gjer vegen frå konseptstadiet til marknadsintroduksjon enklare for norsk industri. Meir info: <https://siva.no/virkemidler/norsk-katapult/> ↗

## Samarbeid med universitet

Eit av tiltaka i oppfølginga av strategien til Patentstyret er å formalisere samarbeid om IPR-utdanning ved norske UoH-miljø. I 2020 har konkretiserte vi samarbeidet med Universitetet i Agder (UiA) og NTNUs Entreprenørskole. I 2021 inngjekk vi ein tilsvarande avtale med NMBU på Ås.

Gjennom desse avtalane tilbyr vi ei mentortjeneste der teknologi- og kunnskapsbedrifter som er etablerte av studentane, blir kopla med kompetansepersonar i Patentstyret, og vi tilbyr førelesingar i ulike studieretningar og rettleiing av undervisningspersonell, studantar, forskarar og ph.d.-kandidatar.

## Nettsider

Patentstyret.no er den viktigaste kommunikasjonskanalen vår og skal sørge for kompetanseoverføring til både nye gjester utan forkunnskapar, og dei som har meir erfaring med fagområda våre. Vi ønskjer å auke kunnskapen om immaterielle rettar generelt, vise korleis søknadsprosessane er bygde opp, og informere om kurs, arrangement og nyttige IPR-verktøy. Målet er å bidra til fleire gode rettar for det norske næringslivet. Vi fekk cirka 310 900 besøk på nettsidene i 2021, og dette er ein auke på cirka 12,2 prosent frå året før. til Det kan vere fleire grunnar til auken i besøk på nettsidene, til dømes auken i varemerkesøknader, auka bruk av webinar og opptak, og auka bruk av nettsidene i samband med førespurnader til kundesenteret.

Vi sender ut månadlege nyheitsbrev for mellom anna å promotere nyheiter og artiklar frå nettsidene. Om lag 2 800 abonnerer på nyheitsbrevet, og ein tredjedel opnar utsendingane.

## Sosiale medium

Patentstyret brukar sosiale medium (Facebook, Twitter, LinkedIn, YouTube og Instagram) for å nå ut til ulike målgrupper med tilpassa språk og budskap – til dømes gründerar, fagfolk i ulike innovasjonsmiljø, IPR-rådgjevarar og mediebransjen. Totalt hadde vi om lag 15 080 følgjarar i desse kanalane ved utgangen av 2021.

Sosiale medium er ein viktig veg inn til nettsidene våre, og i 2021 kom 18 334 besøk til patentstyret.no og søkjetenesta frå sosiale medium. Vi har hatt god effekt av annonsering for kursa våre på Facebook og Instagram. Vi fekk 940 nye kurskundar via sosiale medium i 2021. 44 prosent av trafikken til kurssidene og 18 prosent av kurspåmeldingane kjem frå sosiale medium.

## Tradisjonelle medium

Omtale i tradisjonelle nyheitsmedium er viktig i arbeidet med å synleggjere Patentstyret og for å nå ut med IPR-budskap til eit breitt publikum. Etter det første koronaåret, med kraftig nedgang i talet på saker med omtale av Patentstyret, ser vi ei normalisering i 2021, med 302 mediasaker.

Til liks med tidlegare år er det forhold rundt varemerke som oftast fangar interesse i redaksjonane.

Bak saker vi sjølv initierte, og som fekk utbreidd omtale (minimum 10), var tema som ny direktør i Patentstyret, nedgang i patentsøknader, kvinnedelen av patentsøkte oppfinningar og ei undersøking om nordmenn, nett-handel og piratkopiar.



Vi publiserte 2 kronikkar og 10 pressemeldingar. Ei av sakene som blei plukka opp av nyheitsredaksjonane og kom høgt på den politiske dagsordenen, handla om den plasseringa Noreg hadde fått i ein global innovasjonsindeks: Temaet enda på Dagsnytt 18, med regjeringsdeltaking i studio. Den mest eksponerte pressemeldinga handla om piratkopiar og fekk 21 omtalar. Dette er nær tre gonger gjennomsnittet for ei pressemelding som er publisert gjennom NTB. Også enkelte separate innsal til media gav stor PR-messig uttelling: Forvekslingsfaren mellom brusvaremerke fekk eit innslag i Dagsrevyen, og ei sak om varemerket BANKSY fekk to heilsider i Aftenposten pluss ein del av framsida på avisa.

At Patentstyret nådde breitt ut til relevante og viktige målgrupper i saker der vi blei omtalte, viser lista over dei ti mediekanalane som oftast omtalte oss. Her finn vi Aftenposten, Teknisk Ukeblad, Dagens Næringsliv, Nettavisen og E24.

## Velgekte.no og myndigheitsnettverk mot inngrep i immaterialrettar

I 2015 etablerte norske styresmakter eit nettverk mot inngrep i immaterielle rettार og oppretta nettsida velgekte.no. Patentstyret har sekretariatsfunksjonen for nettverket og driv nettstaden [velgekte.no](https://www.velgekte.no).<sup>7</sup> Nettverket omfattar ti ulike styresmakter. Patentstyret samarbeider med dei andre myndigheitene i nettverket om å auke medvitet rundt piratkopiering og varemerkeforfalsking, og å støtte kvarandre og dele informasjon på området.

Patentstyret har i 2021 halde velgekte.no oppdatert og følgd den internasjonale utviklinga på piratkopieringsområdet. Vi har også arrangert nettverksmøte og stått bak felles tiltak mellom myndigheitene i nettverket for å auke medvitet på dette området.

### Store utfordringar med falske varer på nettet – trenden er forsterka under pandemien

I trusselrapporten (SOCTA) frå EUROPOL for 2021 blir piratvarehandel peika ut som ein av dei ti største kriminalitetstruslane Europa står overfor i den neste fireårsperioden.

I rapporten blir det peika på at pandemien har forsterka allereie eksisterande trendar på området. Netthandelen har hatt ein enorm auke gjennom stenginga av samfunnet, og organiserte kriminelle har utnytta dette. Ein

stor del av piratvarene kjem til Europa som små post-sendingar som er bestilte på nettet. Gjennom nettet har dei organiserte kriminelle direkte tilgang til marknaden og forbrukarane.

Handelen med piratkopiar gjev store inntekter til organiserte kriminelle, og falske produkt utgjer ein helse- og tryggleikstrussel mot forbrukarane.

### Endringar i tollova styrkjer stillinga til rettshavarane

1. juli 2021 tredde nye reglar i tollova kapittel 15 i kraft. Det nye regelverket forenkler og effektiviserer tollar-kontrollen av varer som gjer inngrep i immaterialrettar. Dette gjer det enklare å kjempe mot ulovleg handel med piratvarer, og det bringar norsk regelverk meir på linje med regelverket i EU.

### Som privatperson risikerer du no å betale for ei falsk vare som du aldri får

Tidlegare kunne tolletaten berre halde tilbake post-sendingar der mottakaren innførte vara med næringsføremål. Med det nye regelverket kan no etaten, på visse vilkår, også stoppe småpakkar på veg til forbrukaren, basert på at avsendaren driv ulovleg næringsverksemd med falske varer.

Privatpersonar som har kjøpt vara, har ikkje gjort noko ulovleg dersom produktet var til eige bruk. Vara kan likevel haldast tilbake og destruerast etter det nye regelverket, fordi seljaren av piratkopien gjer inngrep i varemerkerettar eller andre immaterielle rettार, som opphavsrett eller designrett.

### Spørjeundersøkinga «Nordmenn, netthandel og piratkopiar»

Før endringane i tollova blei sette i kraft, gjennomførte tolletaten og Patentstyret ei landsomfattande spørjeundersøking om haldningar og erfaringar med netthandel og piratkopierte varer blant nordmenn.

- Undersøkinga viser at 43 prosent av oss er usikre på om vara er ekte eller falsk når vi netthandlar. 22 prosent har fått eller mistenkjer å ha fått ei kopivare.
- Internett som handelskanal viser ei tredobling av dei som har blitt lurte av piratvarer, samanlikna med tal for alle kjøpskanalar.
- 20 prosent av dei spurde har ei dels akseptierende haldning til piratkopiar. Likevel ser haldningane ut til å vere i endring samanlikna med tal frå ei liknande undersøking i 2018. På spørsmål om dei viktigaste grunnane til å unngå piratkopiar peikar fleire på utnytting av sårbar arbeidskraft enn på dårleg kvalitet på produkta.
- Undersøkinga viser også at 17 prosent av dei spurde er urolege for at falske varer ikkje oppfyller dei miljøkrava som gjeld.
- Spørjeundersøkinga viser at piratvarer på nettet er ei utfordring for nordmenn, og at det er behov for å auke medvitet på dette området.

I samband med publiseringa av undersøkinga blei det sendt ut ei pressemelding som resulterte i eksklusiv omtale hos Nyhetsmorgen på NRK, på TV 2 og omtale i 21 andre medium.

I 2021 deltok Patentstyret på to større arrangement der vi heldt innlegg om piratvarehandel til verksemdar som driv med internasjonal handel, import, eksport og transport,

og til aktørar som jobbar mot økonomisk kriminalitet både frå privat og offentlig sektor.

I november gjennomførte Patentstyret ein Facebook-kampanje mot piratvarer i samband med Black Week. Aktørar i myndigheitsnettverket gjekk også saman om ein felles julekampanje på Facebook i desember. Føremålet var å rette søkjelyset mot piratkopiar og netthandel, og gjere nordmenn medvitne om farane for å handle falske varer på nettet.

### Kundesenteret

Kundesenteret til Patentstyret tok i 2021 imot rett i overkant av 10 000 telefonar. Dette er ein auke på 700 telefonar samanlikna med året før. Fordelinga vi ser frå januar til mars 2021, er tilsvarende som tidlegare år: 60 prosent gjaldt varemerke, 20 prosent gjaldt patent, og 5 prosent gjaldt design. Kundane fekk mellom anna svar på spørsmål om søknadsprosessar, regelverk, internasjonale søknadsordningar og kva for aktørar som kan støtte dei i innovasjonsprosessen. Av dei tre største kundegruppene som ringde inn, stod etablerte bedrifter for om lag 40 prosent, privatpersonar/gründerar for 28 prosent og profesjonelle/fullmektigar for 21 prosent.

Vi er stolte over at vi for tredje året på rad vann kåringa av den beste kundeservicen «best i test», offentlig klasse i Noreg, og at vi kom på tredjeplass av dei totalt 156 kundesentera som deltok. Prisen blir delt ut av SeeYou og Confex. Vi har eit fagleg sterkt lag som jobbar på kundesenteret, og medarbeidarane rettleier kvarandre for å oppnå stadig betre kundeservice. Det å ta hand om kundane våre står svært høgt på prioriteringslista, og vi jobbar strukturert og målretta for å kontinuerleg forbetre

all kommunikasjon og rettleiing vi gjev til kundane. I 2021 innførte vi eit nytt kundeservicesystem for handtering av innkomande førespurnader frå kundar.

### Opplevd kompetanseoverføring

Vi evaluerer alle kurs, føredrag og arrangement i etterkant for å sjå om deltakarane er nøgde. Målet er ein skår på 3,5 på ein skala frå 1 til 4, og dette nådde vi for dei fleste arrangementa – sjå figur 11. Vi måler også korleis kundane opplever kompetanseoverføringa ved kjøp av informasjonstenester og i søknadsbehandlinga. Resultata er viste under kundevurdering.


### IPR-modenskap

IPR-modenskap fortel oss i kva grad bedriftene brukar immaterialrettssystemet, i kva grad dei tek omsyn til

immaterielle rettar i verksemda si, og om dei er medvitne på om dette er relevant eller ikkje for bedrifta. For mange bedrifter kan berre retten til føretaksnamn og varemerke vere aktuelt, medan eigarskap til immaterielle rettar for andre kan vere sjølve forretningsideen. Mange nyttar immaterielle rettar primært for å verne om dei immaterielle verdiane sine, medan andre bedrifter brukar IPR meir aktivt i forretningsverksemda, gjerne langsiktig og strategisk.

Det er viktig at dei bedriftene som immaterielle verdiar og rettar er relevant for, er medvitne og sørgjer for å ha ein IPR-strategi som gjev dei kontroll og nødvendig sikring av verdiane sine, og at dei overvaker konkurrentar og moglegheitsrom.

Figur 11: Opplevd kompetanseføring



Sidan vi ikkje gjennomfører årlege analysar på dette området, har vi ikkje grunnlag for å seie noko bestemt om utviklinga i IPR-modenskap i 2021.

Talet på patent i kraft i Noreg har stige frå om lag 32 000 til om lag 48 000 dei siste 5 åra, som følgje av at Noreg slutta seg til EPC. Om veksten held fram slik dei neste 5 åra, vil det venteleg bli om lag 70 000 patent i kraft her i landet. Talet på varemerke i kraft har auka om lag 18 000 dei siste 5 åra, og talet på design 1 900. På desse områda vil tala venteleg auke vidare. Utviklinga vil innebere at fleire verksemder i det norske næringslivet må auke kunnskapen sin om immaterielle rettar, fordi dei i langt høgare grad enn tidlegare må ta innover seg rettane til andre verksemder.

### Tal forundersøkingar

Vi utførte til saman 997 forundersøkingar i 2021. Dette er ein auke på 8,3 prosent frå 2020. Den totale auken kjem hovudsakleg frå ein auke på om lag 12 prosent i talet på utførte forundersøkingar på varemerkeområdet frå 716 til 803. Kundane var oppstartsbedrifter, SMB-er og fullmektigar. Design hadde omtrent det same talet på utførte forundersøkingar som i fjor, 11 mot 13 i 2020, og kundane var fullmektigar, oppstartsbedrifter og nokre SMB-er.

På patentområdet var det ein nedgang i talet på utførte forundersøkingar på om lag 5,2 prosent, frå 191 til 181. Kundegruppene på dette området var hovudsakleg teknologioverføringskontor og fullmektigar. Det blei også utført nokre forundersøkingar for SMB-er og oppstartsbedrifter (gründerar).


### Samla tal patent-, varemerke- og designsøknader frå norske søkjarar til utlandet

Det samla talet på søknader frå norske søkjarar til utlandet gjev ein indikasjon på IPR-modenskap. I tillegg til talet på patent-, varemerke- og designsøknader frå norske søkjarar i Noreg, er det derfor også relevant å sjå på talet på søknader norske søkjarar leverer i andre land. I 2020 var talet på søknader frå norske søkjarar til utlandet (27 902) 5,6 gonger høgare enn talet som blei levert av norske søkjarar til Noreg (5 020).

Om vi ser på utviklinga dei siste 10 åra (2011–2020), har talet på designsøknader frå norske søkjarar til utlandet auka med om lag 46 prosent, mens varemerkesøknader auka med om lag 64 prosent og patentsøknader med om lag 12 prosent. Merk at tala på søknader om EU-varemerke og EU-design er multipliserte med talet på land som er omfatta av ordninga, medan europeiske patentsøknader berre er talde éin gong.

Data for 2021 var ikkje tilgjengelege då årsrapporten blei utarbeidd. Figur 12 viser utviklinga over tid av det samla talet på søknader om industrielle rettar til utlandet som er

Figur 12: Talet på søknader om industrielle rettar frå norske søkjarar til land utanom Noreg



leverte av norske søkjarar. At talet har auka over tid, tyder på aukande IPR-modenskap.

### Kundebruk av register og databasar

Alle allment tilgjengelege søknader, rettar, korrespondanse og annan hendingshistorikk er tilgjengeleg på nettsidene til Patentstyret. Vi ser at norske og utanlandske bedrifter har behov for denne typen informasjon for å orientere seg i rettar og søknader som kan verke inn på arbeidet deira. I fjor gjennomførte vi eit nettanalyseprosjekt der vi omstrukturerte datainnsamlinga. Vi har dermed ikkje samanliknbare tal for alle dei digitale tenestene våre frå 2020. I 2021 hadde vi i underkant av 300 000 besøk til desse tenestene. I tillegg har vi fått førespurnader frå fleire studentar og forskarar om datasett til bruk i statistikk og forskning. Dei fleste gjeld patentsøknader og patent.

### Patent – ei unik kjelde for teknisk informasjon

Når vi kjøper eit hus, sjekkar vi vanlegvis om det er hefte på eigedommen for å sleppe ubehagelege overraskingar i etterkant. Denne typen systematiske sjekkar er ikkje like vanleg når det gjeld immaterielle verdiar. Dei som investerer store summer i forskning og utvikling, gløymer ofte å undersøkje om teknologien dei ønskjer å utvikle, allereie finst, og om andre eig rettane til han.

Patent gjev ikkje berre eit stort innblikk i eksisterande teknologi, men inneheld også viktig informasjon om kven som eig ein teknologi, og kven som er dei viktigaste aktørane innanfor eit bestemt teknisk fagfelt. Denne informasjonen gjer altså at ein kan unngå å «finne opp hjulet på nytt», og han kan i tillegg gje idear til vidareutvikling av eksisterande teknologi og til å finne nye samarbeidspartnarar.

Patentdokument inneheld ofte informasjon du ikkje finn andre stader. Desse dokumenta må skildre oppfinninga

på ein slik måte at fagfolk på området kan reproducere han. Dermed gjev dei detaljert informasjon du ikkje finn i klassiske vitenskaplege publikasjonar.

Patentinformasjonen er oppdatert. Dei fleste selskap føretrekkjer av openberre konkurransegrunnar å ikkje skildre forskingsresultat. Dersom nokon ønskjer å oppnå eksklusive rettar til oppfinninga, må dei likevel levere ein patentsøknad som etter kvart blir publisert og gjord tilgjengeleg for allmenta. Dette vil seie at patentet ofte er den første publikasjonen om ei bestemt oppfinning, og at det dermed er ei oppdatert kjelde til informasjon om denne teknologien.

Patentdokument er lett tilgjengelege, og i dag er mange patentdatabasar fritt tilgjengelege på nettet. I [søkjetenesta til Patentstyret](#)  finn du både våre egne patentdata og lenkjer til internasjonale basar.

## Kundedøme

# ASK Gård

Kristoffer og Anne Marte Evang ønsker å utvikle norsk spekemat til ei internasjonal merkevare. I tillegg til god kvalitet legger dei stor vekt på det visuelle. Ein design-registrert skrifttype, medviten fargebruk og historia om den fyrige chorizoen «PABLO» er nokre av ingrediensane i merkevarestrategien deira.

Ekteparet starta Ask Gård på Jevnaker i 2013. Dei ville utfordre kjøtbransjen og tilby eit økologisk alternativ basert på berekraft, dyrevelferd og kvalitet. Med norske råvarer lagar dei spekemat tufta på italiensk tradisjon.

Opphavleg selde Ask produkta gjennom gourmetrestaurantar og delikatessebutikkar, men stenginga førte til at dei måtte gå over til nettsal. Dei laga ein nettbutikk med gjennomført design, innbydande bilete og oppskrifter laga av kjende kokkar. Pandemiåret 2020 blei eit godt vekstår for Ask Gård, godt hjelpt av at daglegvarekjeda Meny satsa på lokale matskattar.

**«Sidan designet til ASK er ein essensiell del av heile vara, er det enormt viktig for oss å sikre at ingen andre kopierer uttrykket vårt og verdiane våre. Dette sikrar vi ved å verne namna våre og skrifttypen vår gjennom varemerke- og designregistrering. Ein ser altfor ofte at konkurrerande bedrifter ikkje tek seg bryet med å finne opp krutet sjølve, men berre kopierer det som sel. Dette har vi frå dag éin ønskt å sikre oss mot.»**

– Kristoffer Evang, gründer og dagleg leiar i Ask



Foto: Anthony Huus

## Formspråk og fargebruk er viktig i merkevarebygginga

Ekteparet har bakgrunn innanfor kunst og grafisk design, og det var derfor naturleg å satse på design og emballasje. Dei har jobba hardt med merkevarebygging og posisjonering, og via formspråk og fargar har dei klart å skilje seg ut og etablere eit uttrykk som er enkelt å kjenne att.

Dei vekta emballasjen ut frå tre element: merkevare, altså ASK, farge og namn/produkt. Målet var at kundane skulle hugse merkenamnet ASK sjølv om dei ikkje hugsa kva for ei pølse dei kjøpte sist. Om dei hugsa ASK og skulle finne typen pølse, ville kundane lettare hugse ein farge enn eit ukjent merkenamn. Dermed hamna dei på ASK pølse med raud farge. Dei etablerte produktnamn som skulle skilje seg ut og fortelje litt om kven dei er som bedrift.

Dei bygde ei forteljing for kvart produktnamn, slik at dei enkelt kunne lage ei historie rundt produktet – til dømes PABLO chorizo: «Pablo er en fyrig spanjol, en lettere lubben type som liker å nyte en kald en i solen. Han har en bror som heter Pedro. Pedro er en sint type med mye

aggresjon.» Dei laga små forteljingar og meiningar bak namna og brukte dette i marknadsføringa.

Med på laget har dei hatt ein designar som har stått for heile ASK-profilen – Sindre Trolsås. Han har utvikla skrifttypen og bygd opp det grafiske formspråket rundt ASK.

Designet er basert på ein eigen skrifttype – ASK. Han er bygd opp av vektorbaserte pølser i tre format, som saman dannar heile språket. Dette gjer at produkta er lette å kjenne att, og det blir lett å sjå om nokon prøver å kopiere. Skrifttypen brukar dei på mellom anna emballasje, brosjyrar, pølser, katalogar og det nye produksjonsbygget.

Designregistrering nummer 086762. Design: Sindre Trolsås



Gründerane meiner det er på tide for kjøtbransjen å tenkje nytt. Dei ønskte å utfordre bruken av svart som bransjefarge. Dei ville skilje seg ut og ønskte å kome vekk frå svart plast, som ikkje er bra for miljøet på grunn av tilsetjingsstoff.

# Rapportering om andre føringar og oppdrag i tildelingsbrevet for 2021

## Utvikling av Patentstyret gjennom digitalisering

Ei av føringane i tildelingsbrevet var å føre vidare arbeidet med å utvikle og gjennomføre nye digitale løysingar for meir effektiv og kundevenleg kommunikasjon. Vi opplever framleis auka bruk av dei digitale tenestene våre. Prosentdelen digitale innleveringar har auka på alle område, og 99 prosent av alle nasjonale søknader på varemerke og design blei leverte digitalt i fjor. Også talet på utanlandske digitale kundar aukar, og på varemerke og design står desse for nærare 10 prosent av søknadene digitalt.

I 2021 gjorde vi ei rekkje oppdateringar og forbetringar, som lansering av norsk omsetjing av produktveljaren, inkludert betre funksjonalitet og verktøy, store forbetringar i betaling med nytt design og brukargrensesnitt og forbetringar av funksjonaliteten i søk, varsling og vegvisarane. Vi jobbar kontinuerleg med ei rekkje mindre endringar og forbetringar i den digitale porteføljen mot kundar. Vi nyttar ulike verktøy for å måle kundetilfredsheit. Undersøkingar viser at tenestene skårar frå 2,6 til 3,3 på ein skala frå 1 til 5. Vi brukar resultatane frå undersøkingane aktivt for å forbetre og vidareutvikle tenestene våre.

I 2021 fekk Patentstyret tildelt midlar frå Digitaliseringsdirektoratet for perioden 2021–2024. Prosjektramma er på om lag kr 16 millionar (85 prosent i direkte støtte) der føremålet er todelt – meir sjølvbetening mot Altinn 3.0 og

deling av IP-data. I 2021 gjennomførte vi digitalisering av designarkivet som ein del av prosjektet. Prosjektsatsinga støttar opp om ambisjonen og tiltaka i Digital 24, Patentstyrets strategi for digitalisering.

I 2021 har vi teke i bruk skybaserte løysingar for økonomisystemet Unit4 og for Outlook, i tillegg til innføring av Microsoft365 og Teams. I løpet av fjoråret etablerte også Patentstyret sin eigen skystrategi med ei rekkje førande prinsipp. Dette ser vi også i samanheng med overgang til Altinn 3.0 og prosjektet «Smart tilgjenge».

Patentstyret har over tid lagt til rette og arbeid for at norske søkjarar skal identifisere seg eintydig. I fjor opplyste i gjennomsnitt 95 prosent av norske føretak om organisasjonsnummer ved levering av søknad om patent, varemerke eller design. Dette er på same nivå som året før, og med enkeltpersonar er talet 93 prosent samla sett. I Digital24 er målet at alle søknader som blir leverte til Patentstyret frå norske føretak med organisasjonsnummer, skal identifiserast eintydig.

## Heilskapleg kundereise

På bakgrunn av kunnskap frå kundesenteret, og tidlegare prosjekt og aktivitetar gjennomførte vi i 2021 to analyseprosjekt. Målet med prosjekta var å sjå korleis vi kan forbetre den digitale kundereisa, og korleis vi kan leggje til rette for at kundane i større grad kan betene seg sjølve. Prosjektet har kome med nokre konkrete råd om korleis

vi kan forbetre flyt, struktur og innhald på nettsida, korleis den tekniske løysinga kan betrast, og korleis vi kan jobbe på nye måtar for å oppnå ei heilskapleg kundereise digitalt. Vi vil i 2022 konkretisere prosjektet ytterlegare og begynne å innføre tiltak.

## Smart tilgjenge

Patentstyret fekk tilsegn om midlar til eit digitaliseringsprosjekt på 16 millionar kroner gjennom medfinansieringsordninga i 2021. Dette er starten på eit løp som skal få fleire tenester over på nye Altinn. Prosjektet er todelt. Patentstyret skal etter kvart ta i bruk Altinn 3.0 ved å styrkje og utvikle felleskomponentar som også andre kan dra nytte av. I tillegg går prosjektet ut på å gjere data om rettar meir tilgjengelege. Dersom vi tel både norske og internasjonale registreringar, er det rundt 700 000 oppføringar i databasane til Patentstyret. Det inkluderer om lag 300 000 rettar til patent, varemerke og design i Noreg. Større tilgang til denne typen data vil bidra til auka innovasjon og verdiskaping.

Vi reknar med at det vil kome inn fleire søknader ved at dataa blir lettare tilgjengelege. Vi reknar med ein auke på 2–3 prosent nasjonalt. Det utgjer ein årleg vekst i samfunnsøkonomisk verdi som er estimert til 140 millionar kroner.

## Patentlandskapsanalysar

Patentstyret fullførte patentlandskapsanalysen «Grønn teknologi – globale trender og muligheter» i mars 2021 – [sjå samandrag](#). Ein slik analyse avdekkjer kva for underområde på det utvalde teknologiområdet som framleis er under utvikling, og kva for område som ser ut til å ha stagnert. Bidrag frå norske aktørar på dei ulike teknologiske områda blir synleggjorde, og det vil også kunne vere mogleg å sjå kva for område som endå ikkje er så godt utvikla, og som har potensial for vidare innovasjon og vekst.

Jamlege analysar av patentinformasjon på teknologi-område som er relevante for det norske næringslivet, vil bidra til at vi kan følgje utviklinga på eit overordna internasjonalt nivå og samtidig sjå korleis norske aktørar bidreg. Ei årleg rapportering for kvart av dei utvalde områda vil ikkje vere relevant, ettersom det er eit relativt lågt tal på patentsøknader som blir leverte inn frå norske aktørar. Dersom ein vel ut tre til fem teknologiområde som er relevante for norsk næringsutvikling, vil det vere naturleg å analysere eitt av områda kvart år, og gjenta denne analysen tre til fem år seinare, avhengig av kor mange teknologiske område som er valde ut i patentlandskapsanalysen.

Dette kan også koplast opp mot økonomiske data, slik at ein kan sjå om investeringar på dei ulike teknologi-områda bidreg til auka kommersialisering i form av patent eller andre industrielle rettar. Ei slik kopling av data er planlagt for helseindustriområdet i 2022.



# Patentlandskapsanalyse – grøn teknologi

Vi har sett på patenteringstrender på eit utval grøne teknologiområde. Analysen er basert på patentsøknader som er knytte til temaa CO<sub>2</sub>-fangst og avgrensande tiltak, fornybar energi og transport. Vi har analysert dataa på eit globalt overordna nivå og deretter sett på korleis norsk og nordisk innovasjon passar inn i denne samanhengen.

## Tal på patentsøknader aukar

På eit overordna plan kan ein sjå at talet på patentsøknader innanfor klassane vi har valt ut, er aukande, særleg frå tidleg i 2000-åra og fram til i dag. Dei siste ti åra er det globale talet på patentsøknader primært drive av patenteringstakta til kinesiske aktørar. Det kan i grove trekk tilskrivast ein oppsiktsekkjande auke i talet på patent per million innbyggjarar i Kina dei siste åra. I perioden 2009–2019 blei talet på søknader per million innbyggjarar femdobla – ei endring vi ikkje finn for andre

industrinasjonar. Dette, kombinert med eit stort folketal, har ein dramatisk effekt på det globale patentlandskapet. Sjølv om auken i seg sjølv har vore signifikant, kan patenteringstakta i dag i absolute tal per million innbyggjarar samanliknast med andre industrinasjonar som USA eller Tyskland. Underforstått tyder dette at patenteringstakta i Kina var relativt låg i 2009 samanlikna med andre industrinasjonar.

## Færre patentsøknader i andre land

For nasjonar utanom Kina ser det ut til å vere ein jamn nedgang i talet på patentsøknader per år retta mot grøn teknologi frå 2011 og framover. Globalt er talet på patentsøknader per år sterkt avhengig av innbyggjartal og kan gje eit skeivt inntrykk av innovasjonstakta nasjonar imellom ved direkte samanlikning. Dersom talunderlaget blir korrigert for innbyggjartal, ser ein at

særleg Korea og Japan utmerker seg med eit høgt tal på patentsøknader per million innbyggjarar.

## Mange vidarefører til Noreg

I Norden skil Danmark seg ut med ei høg patenteringstakt per innbyggjar innanfor grøn teknologi. Kinesiske patentsøknader skil seg også ut ved at berre eit fåtal søknader innanfor desse klassane blir førte vidare. Kvar prioritetssøknad blir i snitt berre ført vidare 0,05 gonger, og dette indikerer at hovudvekta av innovasjonen er meint for heimemarknaden. I den andre enden av skalaen skil Noreg seg ut med eit høgt tal på vidareføringar – 3,5 i snitt per prioritetssøknad. For andre vestlege industrinasjonar, til dømes Tyskland, Frankrike, Storbritannia og USA, er snittet rundt 1,5 vidareføringar per søknad. Desse observasjonane er det viktig at det norske næringslivet er klar over. Når det gjeld patentering, blir nyheits- og oppfinningshøgda til ei oppfinning vurdert opp mot all innovasjon globalt. I praksis tyder dette at den store mengda innovasjon som stammar frå store nasjonar, påverkar moglegheitsrommet for nye patentsøknader frå det norske næringslivet. Men når det gjeld produksjonsland og handelsmarknader for norske aktørar, må ein ha i mente at patent gjev immaterielt vern i eit geografisk avgrensa område. Dermed dikterer vidareføringstrendane til dei store industrinasjonane i verda mykje av handlingsrommet for aktørar frå dei mindre nasjonane.



Foto: Eloi\_Omella (iStock)

På eit meir detaljert nivå ser vi fleire interessante trendar og observasjonar. For teknologiområda som er knytte til CO<sub>2</sub>-fangst og avgrensande tiltak, finn vi att fleire av dei same trendane. Kinesiske prioritetsøknader påverkar statistikken kraftig, særleg frå rundt 2010 og framover. Totalt sett ser det ut til å vere dalande interesse, alternativt eit stadig avgrensa moglegheitsrom for utvikling av denne typen teknologi, frå 2011 og framover.

### Handlingsrom for norske aktørar

Norske bidrag innanfor teknologiområdet CO<sub>2</sub>-fangst og avgrensande tiltak er forholdsvis avgrensa og kan tilskrivast eit fåtal sentrale aktørar. Som vi nemner i dette kapitlet, har teknologi for CO<sub>2</sub>-fangst og -lagring vore eit satsingsområde for norske styresmakter over lengre tid. Eit teknologisk gjennombrot som er knytt til avgassreinsing, kan skape ei ny bølge av teknologisk framsteg. Det ser også ut til å vere eit handlingsrom for norske aktørar i samband med etterbruk av reservoar for karbonlagring på norsk sokkel. Dette handlingsrommet vil vere avhengig av geografi og dermed naturleg knytt til det norske næringslivet.

### Auke i patent innanfor fornybar energi

Temaet fornybar energi, både produksjon og integrering i bygg, har vist seg å vere eit variert og interessant tema. Temaet dekkjer eit breitt spekter av teknologitypar. På eit overordna plan blir dei globale trendane følgde av ein signifikant auke i talet på patent som er knytte til fornybar energi dei siste ti åra, særleg som følgje av kinesisk patenteringsaktivitet. For fornybar energi som heilskap kan ein sjå fleire tydelege teknologitoppar eller periodar med auka årleg patentering gjennom dei siste 50 åra. Det er nærliggjande å knyte denne observasjonen

opp mot teknologiske gjennombrot og økonomiske faktorar som er knytte til fornybar energi opp gjennom tidene. Dei asiatiske industrinasjonane Japan, Kina og Korea står, saman med USA, for størstedelen av patentsøknadene på dette teknologiområdet. Særleg japanske prioritetsøknader innanfor vasskraft er sentrale i patentlandskapet i 1980-åra. I dei seinare åra har tyngdeforholdet innanfor fornybar energi skifta signifikant mot dei tre andre ovannemnde nasjonane. Sett under eitt er det underområda fotovoltaisk kraftproduksjon og integrering i bygg som står for hovuddelen av patentsøknader innanfor fornybar energi. For denne typen teknologi har det vore spesielt stor utvikling dei siste 15 åra, og fagområdet gjev inntrykk av at veksten vil halde fram.

### Minkande patenteringstakt

For dei andre energiformene under dette temaet er trendane mindre tydelege, og heilskapleg ser det ut til å vere ei minkande årleg patenteringstakt for alle nasjonar utanom Kina. Det norske patentlandskapet er prega

av mange aktørar med få patentsøknader kvar. Vi finn mange norske bidrag innanfor både vasskraft, havkraft og vindkraft. Historisk sett har tilgangen på fornybar energi vore viktig for utviklinga av det moderne Noreg. Handlingsrommet for vidareutvikling av slik teknologi er ukjent, men det finst globalt sett kraftige drivarar for denne typen innovasjon.

### Transport veks framleis

Store delar av energibehovet i framtida må dekkjast med fornybar energi, og dette kan bli ei stor framtidig næring i Noreg. I det siste temaet, transport, finn vi att ei rekkje interessante observasjonar og trendar. Til skilnad frå dei to føregåande temaa, gjev grafane eit inntrykk av eit teknologiområde som framleis er i vekst globalt. Også for dette området er kinesiske aktørar avgjerande for talet på årlege søknader globalt, men då først og fremst i perioden frå 2015 og framover. Teknologiområdet skil seg frå dei andre temaa ved at det er store globale sel-skap som i stor grad styrer utviklinga i patentlandskapet.



Foto: Sorbyphoto (iStock)

## Handlingsrom innanfor elektromobilitet og ladeteknologi

For underområda som er knytte til vegtransport (elektromobilitet, ladeteknologi og hydrogenteknologi), kan til dømes ein vesentleg prosentdel av den globale søknadsinngangen tilskrivast éin enkelt bilprodusent. Utviklinga i underområdet hydrogenteknologi skil seg ein del frå trendane ein kan observere for elektromobilitet og ladeteknologi. Teknologiområdet er prega av bidrag frå mange ulike nasjonar, og til skilnad frå dei fleste andre temaa i denne analysen finn ein ingen tydeleg teknologitopp rundt 2011. Dette kan indikere at det er eit visst handlingsrom globalt for utvikling innanfor denne typen teknologi.

For norsk innovasjon som er knytt til vegtransport fram til no, ser ladeteknologi ut til å vere det viktigaste underområdet. Desse oppfinningane stammar frå ei relativt lita gruppe sentrale aktørar. Som nemnt ovanfor er det først og fremst dei store bilfabrikantane som dikterer patentlandskapet for vegtransport. Det er likevel tenkjeleg at det er eit rom for meir nisjeprega innovasjon for små aktørar i Noreg. I innleiinga poengterte vi den politiske satsinga på elektromobilitet i Noreg. Denne satsinga kan gje grobottn for innovative tankar innanfor grøn mobilitet blant ein større del av innbyggjarane enn i andre nasjonar. Til liks med vegtransport er utviklinga innanfor lufttransport prega av eit fåtal store globale

aktørar. Dette påverkar dei globale trendane, og vestlege industrinasjonar som USA, Tyskland og Frankrike peikar seg ut i denne delen av patentlandskapet.

## Moglegheitsrom innanfor maritim transport og resultat av grunnforskning

Temaet maritim transport er eit tradisjonelt sett viktig næringsområde for Noreg. Ikkje uventa finn vi også at ein vesentleg del av den norske innovasjonen som er knytt til klassane under «Annan transport», gjeld maritim innovasjon. Av norske aktørar finn vi ein relativt brei palett av selskap, kvart med eit relativt lågt tal på patentsøknader. Dette speglar dei globale trendane der patentlandskapet, med unntak av enkelte store asiatiske skipsverft, er prega av mange aktørar med få patentsøknader. Det totale talet på patent innanfor dette teknologiområdet er avgrensa, og trenden er stort sett stigande. Dette kan indikere eit moglegheitsrom for det norske næringslivet også framover. Som det kjem fram av denne rapporten, er enkelte teknologiområde tydeleg under utvikling, og moglegheitene for innovasjon og nyskaping er gode. Andre område er tilsynelatande forbi ein teknologisk topp og på veg inn i ein bølgedal. For desse områda ligg moglegheitsrommet truleg først og fremst i mindre og spissa forbetringar av kjend teknikk, og løysingar på nisjeproblem. Eit anna moglegheitsrom kan ein finne i grunnforskning, som i sin tur kan bidra til vitenskaplege gjennombrøt og ny teknologisk driv. Med bakgrunn i denne patentlandskapsanalysen ser det med andre ord ut til å vere rom for at det norske næringslivet kan bidra til det grønne skiftet.

[Les hele rapporten her](#) ↗



Foto: Voyagerix (iStock)

# Andre område Patentstyret har ansvar for

## Klager på føretaksnamn

Dersom nokon meiner at eit føretak som er registrert i Føretaksregisteret i Brønnøysund, krenkjer rettene deira etter føretaksnamnelova, kan dei krevje at registreringa blir oppheva ved administrativ overprøving. Dei fleste av krava går ut på at nokon meiner at eit registrert føretaksnamn er eigna til forveksling med ein eldre rett til eit varemerke eller føretaksnamn, og at føretaksnamnet derfor er registrert i strid med føretaksnamnelova. Patentstyret fekk inn 31 krav om administrativ overprøving av registrerte føretaksnamn i 2021. Nedgangen i talet på krav har vore jamn sidan 2013, då vi fekk inn 57 krav. I 2021 blei 31 krav avgjorde: 16 blei tekne til følgje, og 6 blei forkasta. Resten av krava blei heva eller avviste.

**Tabell 13:**

Kategori/år	2021
Innkomne	31
Avgjorde	31
Kravet blei teke til følgje	16
Kravet blei ikkje teke til følgje (forkasta)	6
Avviste	1
Trekte (heva)	8
Under behandling	11
Anka til klagenemnda	1

## Representere Noreg i internasjonale forum på området immaterialrett

Patentstyret representerer Noreg i fleire forum på området immaterialrett. I forkant blir norske posisjonar avklarte med det ansvarlege departementet. Patentstyret

rapporterer til departementa i vesentlege saker. På grunn av koronapandemien, har hovudvekta av møta også i 2021 vore gjennomført på digitale plattformer.

Vi bidreg i regelverksarbeid innanfor industrielle rettar og støttar ulike departement i spørsmål om IPR.

## World Intellectual Property Organization (WIPO)

Patentstyret representerte i 2021 Noreg på generalforsamlingane i WIPO og i underliggjande komitear i organisasjonen på området for industrielt rettsvern. Patentstyret deltek jamleg i fleire faste komitear: system for klassifisering av oppfinningar for attfinning i seinare gransking av nye oppfinningar, klassifisering av varer og tenester for søknader om varemerkevern, patentlovkomiteen, varemerke- og designkomiteen og komiteane for dei internasjonale søknadsordningane for patent, varemerke og design.

Patentstyret gjorde i 2018 ein avtale for tre år med Utanriksdepartementet/Norad om bistandsopplæring på området industrielt rettsvern. På grunn av koronapandemien blei det ikkje gjennomført kurs for kollegaer frå patentverk i utviklingsland i 2021 og heller ikkje eit omfattande prosjektbasert program knytt til patentkvalitet. Arbeidet blir normalt utført saman med WIPO Academy og rapportert til World Trade Organization (WTO).

## European Patent Organisation (EPO)

Patentstyret representerer Noreg i forvaltningsrådet for Den europeiske patentorganisasjonen (EPO) og i underliggjande komitear. I 2021 deltok Patentstyret på møte i forvaltningsrådet, møte i budsjett- og finanskomiteen, patentlovkomiteen og i teknisk/operasjonell komité. EPO vedtok ein ny strategisk plan i 2019, og for å følgje opp planen blei det i 2021 teke ei rekkje avgjerder i komiteane.

Samarbeidet mellom EPO og medlemslanda i dei faste komiteane er supplert av eit omfattande samarbeid i det såkalla europeiske patentnettverket (European Patent Network, EPN). Føremålet med den nye strategien er å forenkla og forbetre samarbeidet. Kvart medlemsland har ein bilateral samarbeidsplan med EPO, som gjennom aktivitetar er ordna i standardiserte prosjekt. Samarbeidet vårt har dreidd seg om IPR-opplæring av patentfullmektigbransjen og eigne saksbehandlarar, IKT-verktøy og arbeid for å styrkje bruken av det europeiske patentsystemet.

## European Union Intellectual Property Office (EUIPO)

Det er viktig for næringslivet at dette rettsområdet er føreseieleg. For å oppnå dette må ein bruke det same regelverket og praktisere det på same måten i dei ulike landa. På design- og varemerkeområdet tek derfor Patentstyret aktivt del i møte i EUIPO og tilpassingsprogrammet i EUIPO. Gjennom dette programmet samarbeider landa for å gjere saksbehandlingspraksis i EUIPO og i dei europeiske varemerke- og designstyresmaktene

meir heilskapleg. EUIPO er også ansvarleg for observatoriet mot inngrep i immaterielle rettar. Patentstyret tek del i møta i observatoriet og deler informasjon i styresmaktsnettverket og på nettstaden [velgekte.no](http://velgekte.no).

## EU og EFTA

Patentstyret har også i 2021 teke del i EFTA/EØS-arbeidet innanfor industrielt rettsvern. Vi har delteke på møte i spesialutvalet for immaterialrett og i arbeidsgruppa for immaterialrett i Brussel, som møter EU-kommisjonen. I enkelte tilfelle har Patentstyret også delteke i arbeidsgruppa for IPR-regelverk i EU-kommisjonen (GIPP). Etter oppmoding frå Nærings- og fiskeridepartementet har Patentstyret teke del både i førebuingane til og i delegasjonen ved ei rekkje frihandelsforhandlingsrundar i EFTA-regi om særskilde vedlegg om vern av immaterialrett (Chile, Malaysia, Mercosur, Moldova og Vietnam). Vi har på same måten teke del i førebuingane og i forhandlingane om handelsavtale mellom Noreg og Kina, og mellom Noreg og Storbritannia.

## Nordisk Patentinstitutt (NPI)

Noreg er partner i Nordisk Patentinstitutt saman med Danmark og Island. NPI har to hovudaktivitetar:

- behandle PCT-søknader som eit av PCT-organa i WIPO
- gjennomføre NPI-opppdrag, til dømes nyheitsundersøkingar for utanlandske kundar

NPI behandlar PCT-søknader frå norske, danske og islandske søkjarar. I tillegg kan svenske søkjarar bruke NPI. NPI skal levere tenester av god kvalitet og samtidig vere eit «lokalt» PCT-organ som er tilpassa behova til dei nasjonale søkjarane våre.

NPI utfører også oppdrag for det internasjonale næringslivet, hovudsakleg for kundar frå Europa og USA. Dette gjeld den same typen forundersøkingar som Patentstyret utfører for norske verksemder.

NPI er organisert som ein virtuell organisasjon med ein eigen stab med ansvar for administrasjon, sal og kontakt med WIPO. Saksbehandlarar i Patent- og Varemerke-

styrelsen (PVS) i Danmark og Patentstyret i Noreg utfører oppdrag, gransking og IPR-fagleg harmonisering og kvalitetssikring på vegner av NPI.

Behandlinga av PCT-søknader og NPI-opppdrag er fagleg svært lik behandlinga av nasjonale patentsøknader. Det er derfor stor synergieffekt mellom desse aktivitetane og oppgåver vi utfører som nasjonal styresmakt. Arbeidet for internasjonalt næringsliv gjev i tillegg Patentstyret viktig erfaring og kunnskap både om søkje-strategi, kundeoppfølging og korleis det internasjonale næringslivet brukar patent og patentinformasjon i forretningsstrategien sin. Denne erfaringa kjem igjen det norske næringslivet til gode.

Tabellen på neste side viser utviklinga i talet på innkomne PCT-søknader og NPI-opppdrag til Patentstyret dei siste fem åra.

## PCT-søknader – internasjonal fase

I 2021 fekk Patentstyret inn og behandla 28 færre PCT-søknader enn i 2020. Det var som forventa fordi Patentstyret fekk færre norske førstesøknader i 2021, og ein relativt fast del av søkjarane som leverer førstesøknader til Patentstyret, brukar NPI som PCT-styresmakt.

Behandling av PCT-søknader for NPI er ein del av oppgåvene til Patentstyret. I motsetnad til behandlinga av nasjonale patentsaker, er behandlinga av PCT-søknader underfinansiert. Dette er fordi søknadsgebyra, som blir fastsette av WIPO, ikkje dekkjer dei faktiske kostnadene for søknadsbehandlinga. Det økonomiske resultatet for PCT viser derfor eit underskot på 2 827 038 kroner for 2021.



Foto: Patentstyret/Sara Holte Næss

## NPI-oppdrag

I 2021 fekk Patentstyret 1 906 708 kroner for NPI-oppdrag, ein reduksjon på 909 238 kroner frå 2020. Det økonomiske resultatet for NPI-oppdrag viser eit underskot på 864 327 kroner for 2021. Deler av underskotet kjem av forseinka fakturering, slik at det ikkje kom som inntekt i 2021, men vil kome i 2022.

NPI hadde lågare omsetning enn budsjettet i 2021. Dette er eit resultat av mindre sal og salsaktivitet på grunn av reiserestriksjonane under koronapandemien. Tilsvarende blei det færre oppdrag for Patentstyret og lågare omsetning.

Dette gjev både mindre inntekt og mindre kostnader i 2021 enn 2020.

## Tilsynsstyresmakt for organisasjonar som forvaltar opphavsrett

Patentstyret blei i 2021 tilsynsstyresmakt for organisasjonar som kollektivt forvaltar opphavsrett og nærståande rettar. Tilsynsoppgåva følgjer av lov om kollektiv forvaltning av opphavsrett mv., som blei sett i kraft 1. juli 2021. Lova blei innført på bakgrunn av EU-direktivet 2014/26/EU, som har som føremål å styrkje stillinga til rettshavarane der dei har overlate forvaltning av rettane sine til ein kollektiv forvaltningsorganisasjon, sikre brukarar av opphavsrettar og forenkle lisensiering av musikkrettar for fleire territorium.

Gjennom tilsynsrolla skal Patentstyret føre tilsyn med at føresegnene i lova blir haldne, og at rettar blir forvalta på ein effektiv, tryggjande og open måte. Patentstyret kan be organisasjonar om å rette forhold, skrive ut gebyr og påleggje tvangsmulkt, men prioriterer sjølv arbeidet sitt og er ikkje pliktig til å gripe inn ved alle lovbrøt. Klagenemnda for mediesaker (Medieklagenemnda) er klageinstans for vedtak/avgjerder som er gjorde av Patentstyret.

I samband med den nye lova tok Patentstyret samtidig over ansvaret for å godkjenne organisasjonar som kan inngå avtale med avtalelisensverknad etter åndsverklova. Denne oppgåva har Kulturdepartementet hatt tidlegare.

Patentstyret har i løpet av 2021 kome godt i gang med tilsynsoppgåva. Kulturdepartementet dekkjer kostnadene som er knytte til tilsyns- og godkjenningsrolla.

Tabell 14:

	2017	2018	2018	2020	2021
Tal PCT-søknader	191	187	158	191	163
Tal NPI-oppdrag	152	101	128	138	132

Tabell 15:

Tal i 1000 kr

	2021
<b>PCT-søknader</b>	
Inntekter	1 360 054
Saksbehandlarkostnader	-3 863 331
Databasekostnader	-249 544
Administrative kostnader	-74 217
<b>Resultat PCT-søknader</b>	<b>-2 827 038</b>
<b>NPI-oppdrag</b>	
Inntekter	1 906 708
Saksbehandlarkostnader	-1 855 587
Databasekostnader	-554 640
Administrative kostnader	-74 217
Overhead-kostnader	-286 590
<b>Resultat NPI-oppdrag</b>	<b>-864 327</b>

# 4 Styring og kontroll

# Vurdering av styring og kontroll

Patentstyret nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Vi meiner at Patentstyret har god styring og kontroll, og at den samla måloppnåinga er god. På bakgrunn av eksterne og interne kontrollar har vi utarbeidd forbetringstiltak på ulike område av verksemda og følgjer opp dette som ein integrert del av verksemdsstyringa vår. Vi brukar kundeundersøkinga og brukardialog jamleg for å betre og tilpasse tenestene våre ut frå behova til dei ulike kundegruppene.

God internkontroll står sentralt i oppfølginga vår for å sikre at vi når måla våre, har ei effektiv drift og påliteleg økonomiforvaltning, og held lover og reglar. Kontrollen av korleis Patentstyret sørgjer for behandling av patent-, varemerke- og designsøknader, kursverksemd, forundersøkingar og kundesenter skjer gjennom eit kvalitetsstyringssystem, og vi er sertifiserte etter ISO 9001:2015. Vi har i tillegg etablert internkontroll for innkjøp og økonomi, tryggleik, graderte patent og HMS-området.

Leiargruppa i Patentstyret går to gonger i året gjennom avgjerande verksemdsområde med tilhøyrande risikoelement. Føremålet med risikogjennomgangane er å orientere den øvste leiinga og å prioritere dei områda som treng merksemd. Dermed sikrar vi at nødvendige tiltak blir sette i verk, og at dei er forankra i den øvste leiinga. Ei risikovurdering på personvernområdet viste høg risiko for visse parametarar, og det blei sett i verk tiltak. Dette har resultert i forbetringar, og vil vil følgje opp forbetningsarbeidet i 2022 med blant anna ekstern revisjon og gjennomgang.. Utover dette avdekte vi ingen vesentlege svakheiter, feil eller manglar i avgjerande

prosessar og aktivitetar i 2021. Leiargruppa følgjer i tillegg opp eit utval styringsindikatorar annakvar månad, slik at vi kan setje i verk korrigerande tiltak ved behov.

## Handtering av koronatrusselen

Patentstyret har gjennom 2021 tilpassa arbeidsstad og arbeidsform etter dei ulike fasane i koronapandemien. Dei fleste av medarbeidarane i Patentstyret jobba heimanfrå i første halvår, før vi etter opninga av samfunnet i september kunne gå i gang med den første læringsperioden i «ny normaltilstand». Då smitten auka mot slutten av året, gjennomførte vi på nytt ei rask omlegging og gjekk tilbake til at medarbeidarane i Patentstyret igjen primært arbeidde frå heimekontor.

Då omikronvarianten kom til Noreg, kom kriseleiinga i Patentstyret (tryggingforumet til leiinga) igjen jamleg saman, og vi sørgde for å oppdatere kontinuitetsplanen vår. Patentstyret har ein moderne infrastruktur som

støttar fjerntilgang, med tilstrekkeleg kapasitet og lisensar til å dekkje det høge talet på brukarar på heimekontor. Medarbeidarar har derfor vore tilgjengelege for kundane og har kunna arbeide heimanfrå med same oppetid og tilgang som frå lokala til Patentstyret.

## Tryggleik

Tryggingforumet til leiinga er sentralt i tryggleiksstyringa i Patentstyret. Forumet er etablert for å kvalitetssikre, forankre og koordinere tryggingarbeidet på tvers av organisasjonen. Det er sett saman av tryggleiksleiaren og leiarane i avdeling for digitale tenester, leiarane av patentavdelinga, HR-sjefen, ansvarleg for forvaltning og personvernombodet. Forumet følgjer med på trusselbiletet og gjer risikovurderingar av tryggleiken i Patentstyret som grunnlag for førebyggjande tryggingstiltak. Som nemnt ovanfor, har forumet ansvar for kontinuitetsplanen til Patentstyret og kontinuerlege vurderingar om risiko ved høgt personellfråvær. Det er



Foto: Beate Willumsen

ikkje avdekt særleg urovekkjande forhold som gjer at Patentstyret må omdisponere personell til å ta seg av kritiske funksjonar i lys av utviklinga i smittesituasjonen under koronapandemien. Tryggingforumet til leiinga følgjer utviklinga nøye.

Hovuddelen av informasjonen Patentstyret handterer i søknadsbehandlinga, er offentleg og digitalt søkbar med nokre unntak. Hovudsakleg gjeld det innhald i førstesøknader om patent. Det same gjeld forundersøkingar vi utfører for norske kundar, og NPI-opdrag for utanlandske kundar. Etter vår vurdering er den største risikoen for Patentstyret at konfidensiell informasjon om utføringa av desse tenestene kjem på avveggar, eller at informasjonen i registera våre går tapt. Tryggingstiltaka våre tek omsyn til dette trusselbiletet.

Vi har ikkje opplevd nokon større utfordringar som gjeld informasjonstryggleik i 2021, sjølv om det har vore ein auke i spam, vondsinna/skadeleg programvare og angrep utanfrå samanlikna med året før. Av aktivitetar innanfor IKT-tryggleik i 2021 har vi ført arbeidet med utfasing av ustøtta Microsoft-serverar, innført tofaktor-autentisering, teke i bruk Microsoft 365 med E5-lisensar, som bidreg til tryggleiken på ein betre måte enn tidlegare, etablert ein eigen skystrategi, utført ei rekkje sårbarheits- og risikovurderingar og følgd opp tiltak på områda infrastruktur og tryggleik i den digitale strategien vår, Digital 24. Eit viktig tiltak er også å føre vidare arbeidet med å auke medvitet og kompetansen om IKT-tryggleik gjennom ei rekkje interne opplæringstiltak i organisasjonen. Vi vurderer tryggleiken på IKT-området som god, trass i aukande omfang av digitale truslar.

## Graderte patent

Patentstyret fell inn under tryggleikslova gjennom at vi handterer graderte patent. Det er ikkje rapportert om uønskete hendingar i 2021. Aktiviteten er på eit lågt nivå.

## Personvern

I 2021 har vi følgd opp system og retningslinjer for personvern. Vi har gjennomført ein intern revisjon av utvalde nøkkelprossar og følgjer opp funna frå revisjonen kontinuerleg – sjå meir om dette. Vi har også jobba vidare med risikovurderingar, dokumentasjon for behandling av personopplysningar og inngått fleire databehandlaravtaler. I tillegg har vi på ulike måtar jobba for å auke medvitet og kompetansen om personvern i organisasjonen.

## Berekriftsmåla til FN

I 2021 fekk Patentstyret i oppgåve av NFD å rapportere om korleis innsatsen i løpet av året har bidrege til å realisere berekriftsmåla til FN. Patentstyret er sertifisert som miljøfyrtårn, og vi har tidlegare år rapportert særskilt

på det. I 2021 har vi begynt arbeidet med å setje oss grundigare inn i kartlegging og rapportering av aktivitetar som bidreg til berekriftsmåla til FN. Til neste år vil vi revidere den fleirårige strategiplanen til Patentstyret. I dette arbeidet vil vi utvikle metodikk for å knyte IPR og dei viktigaste aktivitetane i Patentstyret til berekriftsmåla til FN. I denne årsrapporten vil vi orientere om CO<sub>2</sub>-avtrykket til Patentstyret og aktivitetane våre for å drive på ein miljøvenleg måte, og vise til nokre område der IPR og tenestene til Patentstyret bidreg til berekriftsmåla til FN.

Figur 13 nedanfor viser dei berekriftsmåla der vi så langt tenkjer at IPR og Patentstyret kan yte størst bidrag. I tillegg kan IPR, tenestene Patentstyret tilbyr, og drifta vår også yte eit bidrag til mange av dei andre berekriftsmåla.

I tillegg har NFD bede Patentstyret om å rapportere om bidraget vårt til berekriftsmål nr. 16 om fred, rettferd og velfungerande institusjonar.

Figur 13:



## IPR og tenestene Patentstyret tilbyr

Omlegging til grønare teknologi og miljøvenlege produkt er avhengig av lønsemd. Sjølv om Patentstyret tildeler rettar til alle typar teknologi, ser vi at interessa for miljøvenlege produkt og teknologi heilt ned på konsumentnivå er så sterk at ho påverkar innovasjonsretninga på viktige område. Her er IPR-systemet ein motivasjonsfaktor, og Patentstyret er ein tilretteleggjar for miljøvenleg teknologi.

IPR-systemet og tenestene Patentstyret tilbyr, støttar særleg opp under berekraftsmål nr. 9 om industri, innovasjon og infrastruktur. Det er svært krevjande å dokumentere og kvantifisere effekten på dette området, noko også andre verksemdar Patentstyret har vore i kontakt med, kan stadfeste. Vi gjev her derfor ei meir generell skildring av korleis IPR, tenester og aktivitetar hos Patentstyret bidreg til å oppfylle berekraftsmåla.

Det viktigaste føremålet med det globale IPR-systemet som Noreg og Patentstyret er ein del av, er å stimulere til innovasjon og kreativitet. Innovasjon kan vere både miljøvenleg og miljøskadeleg, og her er det internasjonale IPR-regelverket på mange måtar klimanøytralt. Det stengjer likevel ikkje for at Noreg og Patentstyret kan gjennomføre tiltak som har ein positiv klimaeffekt. I neste strategiperiode vil Patentstyret derfor jobbe for å kartleggje betre korleis eksisterande tenester bidreg til berekraftsmåla til FN, og rapportere på dette. I tillegg vil vi utforske moglegheitene for å utvikle tenestene våre slik at dei i større grad bidreg til å oppfylle berekraftsmåla der dette er mogleg. Nokre tenester og aktivitetar veit vi allereie bidreg positivt til å oppfylle berekraftsmåla:

- Det opplysningsarbeidet Patentstyret driv om piratkopiering og varemerkeforfalsking, inkludert

drifta av nettsida velgekte.no, og samarbeidet med styresmaktsnettverket, bidreg til at forbrukarar og næringsliv blir meir medvitne om dei skadeverknadene dette har på miljø, liv og helse, anstendige arbeidsforhold og barnearbeid. Opplysningsarbeidet på dette området er derfor eit bidrag til dei tre mest sentrale berekraftsmåla som er nemnde ovanfor, mål nr. 3 om god helse og livskvalitet og mål nr. 16 om fred, rettferd og velfungerande institusjonar. I dette arbeidet er det også eit omfattande samarbeid med internasjonale og regionale IP-styresmakter, og eit samarbeid mellom ei rekkje norske styresmakter, jf. mål nr. 17 om samarbeid for å nå måla.

- Patentstyret har nokre tidlegare år arrangert kurs om klima/miljø og teknologi, og utarbeidd landskapsanalyse innanfor grøn teknologi. Det var ingen slike konkrete aktivitetar i 2021.
- Patentstyret gjennomførte forbetringar i arbeidsflyten for søknadsbehandlinga og dei digitale kundeløysingane også i 2021. Forbetringane bidrog til meir effektiv ressursbruk for brukarane og saksbehandlarane i Patentstyret. Innanfor tenestetilbodet til Patentstyret er dette stegvise bidrag til å oppfylle berekraftsmål nr. 9 og 12.
- Som medlem av FN-organisasjonen WIPO (World Intellectual Property Organization) deltek Patentstyret

i arbeidet med å forbetre verdsomspennande ordningar som oppmuntrar nasjonane til å opprette og utvikle lovgjeving rundt immaterielle verdier. Gode nasjonale system for å ta hand om oppfinnemda til menneska er ein føresetnad for økonomisk vekst i utviklingsland og industriland. Betre rammeverk og forpliktande internasjonalt samarbeid på dette feltet vil ytterlegare styrkje interessa for å levere innovasjon og finne nye løysingar på felles utfordringar. Dette arbeidet er eit langsiktig og viktig bidrag til berekraftsmål nr. 9 om industri, innovasjon og infrastruktur og nr. 16 om fred, velferd og velfungerande institusjonar, på IPR-området.




Foto: Beate Willumsen

## Miljøfyrtårn

Patentstyret har vore sertifisert som miljøfyrtårn sidan 2011 og har jobba metodisk med å redusere energiforbruk m.m. Figur 13 nedanfor viser at klimarekneskapan til Patentstyret har hatt ei positiv utvikling dei siste fem åra, og at CO<sub>2</sub>-avtrykket har falle frå omkring 269 tonn til 213 tonn i den perioden. Dette skriv seg dels frå mindre avfall og meir ombruk, og dels frå at avtrykket frå transport (reiseverksemd) har vore vesentleg lågare – særleg dei siste to åra, på grunn av pandemien. Samtidig veit vi at energiforbruket har halde seg på omtrent same nivå dei siste fem åra. I år 2012 var det totale CO<sub>2</sub>-avtrykket på omkring 374 tonn, så utviklinga dei siste ti åra viser ei stadig meir miljøvenleg drift. Samla sett er denne nedgangen eit bidrag til å oppfylle berekraftsmål nr. 12 om ansvarleg forbruk og produksjon.

Figur 14: Klimarekneskap 2017 – 2021 (CO<sub>2</sub> totalt)



## Arbeidslivskriminalitet

Som innkjøpar følgjer Patentstyret sertifiseringsordninga for offentlege innkjøp (SOA Bærekraft), sjølv om vi ikkje er sertifiserte. Det bidreg til å motverke arbeidslivskriminalitet og er eit bidrag til berekraftsmål nr. 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst og nr. 12 om ansvarleg forbruk og produksjon. Vi har definert ansvaret gjennom skriftlege rutinar som dei innkjøpsansvarlege kjenner til. Ved innkjøp av tenester vurderer vi om innkjøpet involverer bransjar med høg risiko for arbeidslivskriminalitet. Rutinane våre for å motverke arbeidslivskriminalitet omfattar alle fasar av innkjøpsprosessen, både planlegging, sjølv konkurransen og oppfølginga med den valde leverandøren. I kontraktperioden gjennomfører vi som oppdragsgjevar forskriftsmessig kontroll av relevant dokumentasjon frå leverandørane.

I 2021 kontrollerte vi spesielt løn, arbeidsavtalar og arbeidstid, og dokumenterte kontrollane ut frå egne rutinar. Vi avdekte ikkje nokon forhold som var relaterte til arbeidslivskriminalitet i 2021, og krava våre til underleverandørane var eit bidrag til å nå berekraftsmål nr. 8 og 12.

## Etiske retningslinjer

For å bidra til at Patentstyret blir drive i samsvar med dei lovene og reglane som gjeld, inkludert krav til god forvaltningsskikk, habilitet og etisk åtferd, tek vi jamleg opp tema som gjeld dei etiske retningslinjene for stats-tenesta. Vi har også inkludert dei etiske retningslinjene i introduksjonsprogrammet for nytilsette i Patentstyret.

## Likestilling

Patentstyret har ført vidare arbeidet med mangfald og likestilling i 2021. Målet er å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, kjønn, alder eller nedsett funksjonsevne. Vi undersøker årleg arbeidsmiljøet, og undersøkinga i 2021 gav ingen indikasjon på at det skjer diskriminering i Patentstyret.

Ved utgangen av 2021 var det totalt 254 medarbeidarar i Patentstyret, og dei utgjer 233,5 årsverk (jf. definisjonen av utførte årsverk i PM-2019-13). Vi har i tillegg ein lærling som ikke er rekna med, verken i talet på medarbeidarar eller årsverk.

57,3 prosent av dei tilsette i Patentstyret er kvinner, og størst kvinnerepresentasjon har vi blant seniorkonsulentar, rådgjevarar, seniorrådgjevarar og seksjonssjefar. Kvinnedelen blant leiarar er 53,8 prosent, og Patentstyret innfrir dermed kravet frå staten om minimum 40 prosent.

Gjennomsnittleg løn for menn er noko høgare enn for kvinner i dei fleste stillingskodane. Vi har ikkje dokumentasjon på at desse lønsskilnadene er knytte til kjønn. Vi er spesielt merksame på dette forholdet i lokale lønsforhandlingar og ber leiarane spesielt vurdere om eventuelle skeive tal kan knytast til kjønn.

## Mangfald og inkluderingsdugnaden til regjeringa

I Patentstyret har vi stort etnisk mangfald. Ved utgangen av 2021 hadde 16,5 prosent av dei tilsette eit anna etnisk opphav enn norsk. Dette vil seie at dei er innvandrarakar fødde i utlandet eller norskfødde med innvandrarakforeldre. I 2020 var prosentdelen 14,8 prosent.

Patentstyret har prioritert inkluderingsdugnaden i samband med rekruttering, og i alle utlyste stillingar har vi brukt mangfaldsformuleringa. I utlyste stillingar der det er søkjarar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en, som oppfyller krava i utlysinga, blir minst ein i kvar kategori kalla inn til intervju. Leiaren må alltid gjere greie for kor mange personar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en som har søkt på stillinga, kor mange av dei som er kalla inn til intervju, og eventuelt om nokon av dei er innstilte.

Det blei tilsett 31 nye medarbeidarar i 2021, og det var totalt 574 søkjarar til desse stillingane. Nedsett funksjonsevne: Det var 10 søkjarar med nedsett funksjonsevne, dvs. 1,7 prosent totalt av alle søkjarane. Av desse var det 2 søkjarar som blei kalla inn til intervju. Vi tilsette 1 ny medarbeidar med nedsett funksjonsevne. Høl i CV-en: Det var 28 søkjarar med høl i CV-en, dvs.

Tabell 16:

Totalt / stillingskodar	År	Kjønnsbalanse			Månadsløn	
		Menn %	Kvinner %	Total (N)	Menn Kr	Kvinner Kr
Totalt i Patentstyret	2021	42,7	57,3	254	kr 61 008	kr 55 542
	2020	42,2	57,8	244	kr 58 627	kr 53 186
Direktør	2021		100,0	1		
	2020		100,0	1		
1060 Avdelingsdirektør	2021	66,7	33,3	6	kr 95 454	kr 95 953
	2020	66,7	33,3	6	Kr 91 784	kr 87 517
1211 Seksjonssjef	2021	42,1	57,9	19	kr 75 070	kr 73 084
	2020	44,4	55,6	18	kr 71 523	kr 69 933
1088 Sjefingeniør	2021	56,8	43,2	44	kr 65 497	kr 64 100
	2020	57,9	42,1	38	kr 65 355	kr 61 305
1364 Seniorrådgjevar	2021	39,4	60,6	66	kr 59 685	kr 55 967
	2020	48,1	51,9	52	kr 57 571	kr 54 566
1181 Senioringeniør	2021	59,3	40,7	27	kr 57 094	kr 55 915
	2020	57,1	42,9	28	kr 53 826	kr 54 181
1434 Rådgjevar	2021	42,9	57,1	42	kr 49 815	kr 49 947
	2020	32,5	66,5	40	kr 48 545	kr 49 029
1087 Overingeniør	2021	50,0	50,0	6	kr 49 863	kr 50 624
	2020	50,0	50,0	6	kr 46 053	kr 48 263
1085 Avdelingsingeniør	2021	100,0		3	kr 41 528	
	2020			0		
1408 Førstekonsulent	2021	50,0	50,0	4	kr 46 646	kr 45 042
	2020	60,0	40,0	10	kr 42 314	kr 44 679
1363 Seniorkonsulent	2021	5,9	94,1	34	kr 45 912	kr 46 924
	2020	13,6	86,4	44	kr 44 806	kr 44 864
1065 Konsulent	2021		100,0	1		
	2020		100,0	1		
1220 Spesialrådgjevar	2021	100,0		1		

4,9 prosent totalt av alle søkjarar. Av desse var det 5 som blei kalla inn til intervju. Éin søkjar blei vurdert som kvalifisert for stillinga, og blei innstilt som nummer to. Ingen med høl i CV-en blei tilsett.

## Sjukefråvær

Vi har som mål at medarbeidarane våre skal vere til stades 95 prosent av tida, og vi følgjer derfor opp sjukefråværet tett. Vi ser ein oppgang i sjukefråværet i 2021, på 6,0 prosent, mot 4,2 prosent i 2020. Målet blei altså ikkje nådd. Det legemelde fråværet var på 4,7 prosent, mot 3,0 prosent i 2020. Det eigenmelde fråværet var på 1,3 prosent, mot 1,2 prosent i 2020.

## Lærlingar

Patentstyret har for tida ein lærling i mediegrafikarfaget.

## Talet på tilsette i sentralforvaltninga

I tildelingsbrevet for 2021 var det ei føring om at Patentstyret ikkje skal ha vekst i talet på tilsette, utanom særskilt grunngjevne aukar, til dømes i samband med koronapandemien, og at eventuelle aukar som hovudregel ikkje skal vere varige.

Ved inngangen til 2021 hadde Patentstyret 244 tilsette. Ved utgangen av året hadde vi 254 tilsette.

Auken skreiv seg i hovudsak frå at Patentstyret i 2021 gjennomførte blokktilsetjingar (tilsetjing i kull) av 13 saksbehandlarar på patentområdet. Patentstyret har sidan 2018 operert med ein bemanningsmodell som kalkulerer med kullvise tilsetjingar blant saksbehandlarar på patentområdet om lag kvart tredje år. Denne bemanningsmodellen gjer det mogleg å ha ein relativt

stabil storleik på saksbehandlargruppa, samtidig som det er den mest ressurseffektive modellen når det gjeld opplæring av nyttilsette. Tilsetjingsforma gjev litt fleire saksbehandlarar rett etter blokktilsetjing og færre i den siste perioden før neste blokktilsetjing. Over tid inneber blokktilsetjingane dermed ingen varig auke i talet på tilsette.



Foto: Patentstyret/Sara Holte Næss

Tabell 17:

År	Talet på tilsette		Deltid		Mellombels tilsetjing		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	Tot. (N)	% av M	% av K	% av M	% av K	% av M	% av K	% av M	% av K	
2021	254	1,0	4,8	0	0	0	0	4,4	7,1	
2020	244	1,0	5,0	0	0	0	0,4	0,6	5,5	

## Kundedøme

# Kebony

Kebony er eit leiande trevaremerke og ei teknologibedrift som gjennom aktiv innovasjon og framtidsretta tenking produserer vakre, miljøvenlege og varige treprodukt. Bedrifta ønskjer å definere om trevareindustrien og skape nye moglegheiter for treverk som berekraftig byggjemateriale. Dei vil også fremje samfunnsansvarleg arbeid for å forbetre miljøet på ein måte som skaper ei betre framtid.

Kebony er eit internasjonalt selskap med hovudkvarter i Oslo, produksjonslokale i Skien og Flandern (Belgia), i tillegg til dotterselskap i heile Skandinavia, salsrepresentantar i Tyskland, Frankrike, Storbritannia og USA, og eit internasjonalt distribusjonsnettverk.

## Berekraftig trevirke med lang levetid

Kebony leverer førsteklasses byggjeverar i tre produsert på ein miljøvenleg måte. Rasktveksande trevirke frå berekraftig skogsdrift blir endra permanent gjennom kjemisk modifisering med furfurylalkohol – eit biprodukt frå landbruket – og får eigenskapar som svarar til tropisk tre. Dette gjev auka dimensjonsstabilitet, haldbarheit og hardleik, og lågt vedlikehaldsbehov. Kebony har som mål å redusere CO<sub>2</sub>-utslepp og tropisk avskoging gjennom produksjonsmåten.

## Rettar sikrar handlefridom og reduserer risiko

For å fremje merkevarene og redusere risikoen for kopiering og konflikttar, er både namnet og logoen

varemerkeregistrert i Noreg, Europa, Nord-Amerika og i delar av Asia og Oseania.

Teknologien bak Kebony er ein miljøvenleg og patentert tremodifiseringsprosess som er utvikla i Noreg. Patentrettane gav Kebony tryggleik og gjorde drifta føreseieleg medan teknologien blei industrialisert og kommersialisert. Rettane gjev også handlefridom og redusert risiko ved deltaking i forskings- og utviklingsprosjekt. Fleire slike forskings- og utviklingsprosjekt har fått offentleg støtte frå Innovasjon Noreg og Forskringsrådet.

**«Patentporteføljen viser at Kebony er ei teknologi-bedrift og ikkje berre ein produsent. Teknologien er fundamentet for både den noverande produksjonen og den vidare utviklinga. Dette er noko av det som gjer at investorane våre har tru på at framtida til Kebony er sikra.»**

– Aleksander Lie

*Forskar og patentansvarleg, Kebony.*



Foto: Karl Chr. Kristiansen


Kunnskap om IP-rettar, som kjennskap til moglegheitene og avgrensingane i patent, er eit viktig grunnlag for å gjere medvitne og informerte val om utforminga av og innhaldet i ein IPR-strategi. IPR-strategien til Kebony har som mål å verne immateriell eigedom som er eigd av og utvikla i selskapet, for å fremje konkurransefortrinnet til bedrifta og motivere til utvikling og innovasjon hos dei tilsette. For alle nyvinningar blir det vurdert om dei er patenterbare, og om det er behov for vern. I dag er teknologien verna gjennom fleire patent som dekkjer både produkt, kjemi- og prosessteknologi, og dei er registrerte i fleire av dei ovannevnde marknadene og Kina og Sør-Afrika.

Teknologibedrifta får støtte frå patentkontor nasjonalt og internasjonalt til utforming av patenttekst og handtering av formalitetane i søknadsprosessane. Dei overvaker også nye patentsøknader innanfor teknologi- og interesseområda til Kebony. Med hjelp frå patentkontor har Kebony sett seg imot patentsøknader som overlappa med eksisterande patent og har oppnådd avvising av patentkrav som ikkje viste tilstrekkeleg oppfinnarhøgde.

IPR har også gjeve moglege investorar innblikk i teknologien og teknologiutviklinga Kebony står for. I slutten av oktober 2021 sikra Kebony investeringar på 30 millionar euro frå nye, internasjonale investorar. Teknologien til Kebony og dei immaterielle rettane deira var viktige faktorar i desse nyinvesteringane.



# Vurdering av framtidssutsikter



# Vurdering av framtidsutsikter

**Kva vil prege framtida for innovasjon, næringsutvikling og verdiskaping i Noreg? Og korleis kan Patentstyret bidra til å realisere potensialet for berekraftig vekst og verdiskaping og 50 prosent auka eksport frå Fastlands-Noreg innan 2030?**

## Moglegheiter og truslar for verdsøkonomien

Mykje tyder på at 2022 vil bli eit vekstår. Både norsk og internasjonal økonomi ser ut til å ha kome seg greitt gjennom koronapandemien, og pilene peikar oppover. Statistisk sentralbyrå spår at norsk økonomi vil vekse med 3,7 prosent i 2022. Det internasjonale pengefondet, IMF, spår at verdsøkonomien vil få ein vekst på 4,9 prosent.

Samtidig pregar store truslar oppstarten av det nye året. Tryggingpolitisk uro i Europa, mogleg kollaps i bustadmarknaden i den nest største økonomien i verda, Kina, og utfordringar med energiforsyninga til Europa, er døme på truslar som gjev utslag på børsane i verda og påverkar den internasjonale økonomien.

## Viktige klima- og eksportmål

Verda strevar med å halde avtalte utsleppskutt for å nå målet om to gradar eller lågare temperaturstiging, som landa blei einige om i Parisavtalen. Dette set fart i satsinga på «grøne», fornybare energikjelder og set søkjelys på behovet for berekraftige produkt og løysingar i alle industrisegment. Dette er ei utfordring, men også ei innovasjons- og verdiskapingsmoglegheit for det norske samfunns- og næringslivet.

Dersom Noreg skal nå målet om 50 prosent auka eksport frå Fastlands-Noreg innan 2030, er det avgjerande at Noreg held fram med å investere i forskning og utvikling, legg til rette for at både unge og etablerte bedrifter skaper nye, berekraftige innovasjonar, etablerer fasilitetar for test, verifisering og produksjon i Noreg, stimulerer heimemarknaden og samlar innsatsen rundt eksport til dei globale marknadene. For å lykkast med desse satsingane blir det viktig å sikre at den innsatsen og dei investeringane ein gjer, blir verna og sikra gjennom ei god og profesjonell forvaltning av dei immaterielle verdiane.

## Utvikling i rettar

Vi har det siste året sett ein stor auke i varemerkesøknader frå utanlandske søkjarar. Dette viser at Noreg er ein attraktiv marknad, og det vil også seie at norske verksemder må ha eit aktivt forhold til andre sine rettar. Utviklinga på patentområdet har vore svakare, med berre ein liten auke i søknader. Talet på designsøknader har vore stabilt dei siste åra. Vi trur dette er ei utvikling som held fram også i åra framover.



Foto: Fotografi Beate Willumsen

Det grønne industriløftet til regjeringa og satsinga på utvikling av Noreg som ein grøn industrigigant kan samtidig vere med på å endre dette biletet: Med auka satsing på og både offentleg og privat investering i ny, grøn teknologi og industriutvikling, som inkluderer både forskning, utvikling, test og verifisering, produksjon, etablering av heimemarknad og eksport, blir det avgjerande for å sikre konkurransekrafta til den norske industrien at industrien sikrar dei immaterielle verdiane sine både for marknaden i Noreg og globalt. Dette kan – og bør – gje ei positiv utvikling i søknader om immaterielle rettar også frå det norske næringslivet i Noreg.

### Patentstyret i utvikling

Patentstyret startar våren 2022 ein strategiprosess. Denne prosessen skal sørge for at vi stiller dei viktige og rette spørsmåla og finn dei konkrete svara på og handlingsstrategiane for korleis Patentstyret best kan møte behova til kundane og bidra til den framtidige næringsutviklinga, det grønne skiftet og auka verdiskaping i Noreg. Patentstyret vil i 2022 og åra framover halde fram arbeidet med å utvikle brukarvenlege, effektive og fleksible søknads- og saksbehandlingsverktøy, og fornye kompetansen vår.


Dialog med samfunns- og næringslivet tyder på at det framleis er stort behov for auka kunnskap om kvifor og korleis immaterielle verdier og investeringar blir tekne vare på gjennom mellom anna sikring av rettar for å sikre global verdiskaping. Det er behov for at næringslivet utviklar globale IP-strategiar på eit tidleg tidspunkt. Vidare er det viktig at norske interesser har strategisk kunnskap om kva for nærings- og industriområde vi har særleg kompetansemessige og teknologiske fordelar på. Som bidrag til dette arbeidet utviklar og tilbyr Patentstyret landskapsanalysar, som vil avdekkje moglege «blue oceans» for innovasjon og næringsutvikling. I denne årsrapporten finn de eit utdrag frå landskapsanalysen innanfor grøn teknologi, og i løpet av våren 2022 vil det liggje føre ein landskapsanalyse innanfor helseteknologi.

Patentstyret vil også bidra ved å auke kunnskapen om internasjonale søknadsordningar og verdien av å ha rettane i orden når ein skal inn på internasjonale marknader. Saman med andre aktørar i verkemiddelapparatet skal vi sørge for at næringslivet får gode føresetnader for å sikre verdiane og auke konkurransekrafta.





# Årsrekneskap



# Kommentarar frå leiinga – forklaringar til rekneskapen

**Dei samla inntektene til Patentstyret i 2021 utgjorde totalt kr 258 318 261, som er omtrent 3,4 prosent lågare enn den samla salderte inntektsløyvinga på kr 267 399 000 som var basert på prognosen frå Patentstyret. Resultat ligg innanfor normalavviket for prognosemodellen vår.**

Inntekter av informasjonstenester, kr 4 125 089 (kap. 3935, post 01), er noko lågare enn inntektsløyvinga på kr 4 495 000. På grunn av covid-19 er det gjennomført noko færre betalte kurs enn føresett, og det har vore noko nedgang i omsetning av forundersøkingar på patentområdet.

Inntektene som gjaldt Nordisk Patentinstitut, kr 3 266 762 (kap. 3935, post 02) er lågare enn inntektsløyvinga på kr 4 500 000. Avviket skriv seg i stor grad frå at NPI har lågare omsetning enn budsjettet i 2021 grunna mindre salsaktivitet ut frå reiserestriksjonane under koronapandemien, slik at vår del er lågare enn estimert. Vi viser også til eiga rapportering om NPI i del 3.

Inntekter frå gebyr, kr 101 481 787 (kap. 935, post 03) er noko lågare enn inntektsløyvinga på kr 106 904 000.

Avgifter immaterielle rettar, kr 149 444 622 (kap. 5574, post 71) er noko lågare enn inntektsløyvinga på kr 151 500 000.

2021 var eit spesielt år grunna covid-19-pandemien, slik også 2020 var. Resultatet for 2021 for dei ulike inntektsløyvingane lét seg derfor vanskeleg analysere sikkert.

I andre tertialrapport informerte Patentstyret om at vi ikkje ville nå inntektsløyvinga på kap. 3935 post 02, NPI-inntekter og kap. 5574 post 71 Avgifter immaterielle rettar. Løyvinga for desse kapitla/postane blei derfor justerte ned i samband med endringsproposisjonen hausten 2021.

Rekneskapen til Patentstyret i 2021 utgjorde totalt kr 281 636 820. Samanlikna med tilgjengelege midlar (kap. 935, post 01 og belastningsfullmakt (kap. 0540, post 25) på kr 286 112 958, gjev dette ei mindreutgift på kr 4 476 138. Patentstyret nytta seg i 2020 av fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsføremål mot tilsvarende innsparing i dei fem følgjande budsjettåra. Mindreutgifta i 2021 blir redusert med innsparing av investering på kr 912 604 på kap. 0935 post 01. Samanlagt gjev dette ei resterande mindreutgift for 2021 på kr 3 563 534 på kap. 935, post 01, som vi søker overført til ny termin 2022.

Sjukepengar og andre refusjonar utgjorde kr 4 997 214.

Eg stadfestar med dette at årsrekneskapen til Patentstyret er levert i samsvar med bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 av 17. desember 2019 frå Finansdepartementet og krav frå NFD. Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Patentstyret. Revisjonsordninga er kostnadsfri. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, egedelar og gjeld for Patentstyret.

Oslo, 1. mars 2022



Kathrine Myhre, direktør

## Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapar for statlege verksemdar er utarbeidde og leverte etter nærare retningslinjer som er fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærare føresegnar i rundskriv R-115 av desember 2019 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontant-prinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa står i samsvar med krav i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til den statlege konsernkontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i pkt. 3.7.1 i føresegnene. Bruttobudsjetterte verksemdar får ikkje

tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgangen til nytt år.

## Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/postar (belastingsfullmakter) som høyrer til ei anna verksemd, kjem ikkje fram i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene som gjeld mottekne belastingsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Belastingsfullmakter som er gitt, er tekne med i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastingsfullmakter som er gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og kjem derfor ikkje fram i kolonnen for rekneskap. Fullmaktene som er gitt, kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

## Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstala verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. DFØ har, med heimel i delegert mynde etter reglement for økonomistyring i staten § 3 første ledd gjeve Patentstyret unntak frå kravet i føresegnene punkt 3.3.3 om bruk av standard kontoplan for sektoravgifta «Avgifter immaterielle eigedelar». Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og kjem derfor ikkje fram som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyvings- og artskontorrapportering med notar viser rekneskapstal rapportert til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til artskontorrapporteringa *Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen* bokførte tal frå kontospesifikasjonen til verksemda i kolonnen *Spesifisering av bokført avrekning med statskassen*. Noten viser skilnaden mellom beløp verksemda har bokført på eigedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen til verksemda (inkludert saldo på kunde- og leverandørreskontro) og beløp som verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som inngår i mellomværet med statskassen. Verksemda har innretta bokføringa slik at ho følgjer krava i føresegnar om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf.

føresegnene punkt 3.3.2, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3, er bokførte. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Dette fører til at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kunde- fordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

## Oppstilling av løyingsrapportering, 31.12.2021

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling *	Rekneskap 2021	Meirutgift (-) og mindreutgift
0935	Patentstyret	01	Driftsutgifter	A,B	284 133 000	279 656 862	4 476 138
0540	Smart tilgjenge	25	Driftsutgifter	A,B	1 979 958	1 979 958	
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			11 162 286	
<i>Sum utgiftsført</i>					286 112 958	292 799 105	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling *	Rekneskap 2021	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3935	Patentstyret	01	Inntekt av informasjonstenester	B	4 495 000	4 125 089	
3935	Patentstyret	02	NPI-inntekter	B	4 500 000	3 266 762	
3935	Patentstyret	03	Gebyr, immaterielle rettar	B	106 904 000	101 481 787	
3935	Patentstyret	04	Ymse inntekter	B	0	0	0
3936	Klagegebyr, KFIR	01	Gebyr m.m., driftsinntekter	B	749 000	638 300	
5574	Sektoravgifter under NFD	71	Avgifter, immaterielle rettar	B	151 500 000	149 444 622	
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse				
5700	Inntekter til folketrygda	72	Arbeidsgivaravgift			26 068 826	
<i>Sum inntektsført</i>					268 148 000	285 025 387	

### Netto rapportert til løyingsrekneskapen

**7 773 718**

### Kapitalkontoar

60088601	Noregs Bank KK / innbetalingar					326 478 286	
60088602	Noregs Bank KK / utbetalingar					-335 811 470	
709415	Endring i mellomvære med statskassen					-1 559 465	
<i>Sum rapportert</i>						-3 118 930	

### Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

Konto	Tekst	2021	2020	Endring
709415	Mellomvære med statskassen	-13 149 683	-14 709 148	1 559 465

\* Samla tildeling skal ikkje redusert med eventuelle gjevne løyingsfullmakter (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapittel). Sjå note B, «Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år» for nærare forklaring.

## Note A Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
93501	0	284 133 000	284 133 000

## Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre ut frå gjevne løyvingfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter gjevne belastingsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) ut frå meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyving for neste år	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp *	Mogleg overførbart beløp utrekna av verksemda
93501		4 476 138		4 476 138			-912 604	3 563 534	14 305 648	3 563 534

\* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av løyvinga i år på driftspostane 01–29, unntateke post 24, eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

## Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

### Mottekne belastningsfullmakter (gjeld for både utgiftskapittel og inntektskapittel)

Klagenemnda for industrielle rettar skal inntektsføre klagegebyr på kapittel/post 393601. Patentstyret har fullmakt til å fakturere og drive inn klagegebyra i samband med mottak av klage ved direkte inntektsføring på kapittel/post 393601.

Patentstyret har fått ei belastningsfullmakt frå Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) for kapittel/post 054025 på 1 979 958 i 2021. Belastningsfullmakta gjeld medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt: Smart tilgjenge, datadeling og sjølvbetening i Altinn 3.0. Belastningsfullmakta gjeld for åra 2021, 2022 og 2023.

### Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

Patentstyret har fullmakt til å overskride løyvingar under kapittel/post 093501 mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 393504. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tekne med i utrekninga av overføring av ubrukt løyving neste år.

### Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsføremål mot tilsvarande innsparing i dei fem følgjande budsjettåra

Omdisponeringa frå kapittel/post 093501 på 912 604 kroner blei teken som ei investering over fem år i 2020. Heile investeringa blir betalt i 2021.

### Mogleg overførbart beløp

Patentstyret har ei ubrukt løyving på kapittel/post 093501, og 3 563 534 blir rekna som mogleg overførbart beløp til neste år.

Mogleg overføring til neste år er eit overslag, og Patentstyret får tilbakemelding frå Nærings- og fiskeridepartementet om endeleg beløp som kan overførast til neste år.

## Oppstilling av artskontorrapporteringa, 31.12.2021

	Note	2021	2020
<b>Driftsinntekter som er rapporterte til løvingsrekneskapen</b>			
Innbetalinger frå gebyr	1	102 120 087	110 865 809
Innbetalinger frå tilskot og overføringar			
Sals- og leigeinnbetalningar	1	156 836 473	156 776 899
Andre innbetalningar			
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		258 956 560	267 642 708
<b>Driftsutgifter som er rapporterte til løvingsrekneskapen</b>			
Utbetalningar til løn	2	211 687 320	220 437 769
Andre utbetalningar til drift	3	69 164 470	59 863 659
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		280 851 790	280 301 428
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>21 895 230</b>	<b>12 658 720</b>
<b>Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løvingsrekneskapen</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4		
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
<b>Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løvingsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	5	782 689	4 595 549
Utbetaling til kjøp av aksjar			
Utbetaling av finansutgifter	4	2 341	0
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		785 030	4 595 549
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>785 030</b>	<b>4 595 549</b>

Tabellen fortset på neste side

Framhald av tabell frå førre side

	Note	2021	2020
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6		
<i>Sum innkrevjingsforvaltning og andre overføringar til staten</i>		0	0
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7		
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		0	0
<b>Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel *</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)			
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		26 068 826	27 266 511
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		11 162 286	8 636 087
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		-14 906 540	-18 630 424
<b>Netto rapportert til løyvingrekneskapen</b>		<b>7 773 720</b>	<b>-1 376 155</b>
<b>Oversikt over mellomvære med statskassen **</b>			
<b>Eigedelar og gjeld</b>		<b>2021</b>	<b>2020</b>
Fordringar på tilsette		26 982	132 019
Kontantar			
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank			
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-8 642 671	-7 464 415
Skuldige offentlege avgifter		-1 235 738	-1 054 247
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse			
Mottekne forskotsbetalingar		-3 298 256	-6 322 505
Løn (negativ netto, for mykje utbetalt løn m.m.)			
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar			
<b>Sum mellomvære med statskassen</b>	<b>8</b>	<b>-13 149 683</b>	<b>-14 709 148</b>

\* Andre ev. inntekter/utgifter som er rapporterte på felleskapittel, er spesifiserte på eigne linjer ved behov.

\*\* Spesifiser og legg til linjer ved behov. [Sjå rettleiing om kva som skal inngå som ein del av mellomvære med statskassen.](#) ↗

**Note 1 Innbetalinger frå drift**

	31.12.2021	31.12.2020
<b>Innbetalinger frå gebyr</b>		
393503 Gebyr, immaterielle rettar	101 481 787	110 236 209
393601 Klagenemnda for industrielle rettar	638 300	629 600
<i>Sum innbetalinger frå gebyr</i>	102 120 087	110 865 809
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
393501 Inntekt av informasjonstenester	4 125 089	3 917 858
393502 NPI-inntekter	3 266 762	4 569 077
393504 Ymse inntekter	0	887 373
557471 Avgifter, immaterielle rettar	149 444 622	147 402 591
<i>Sum sals- og leigeinnbetalinger</i>	156 836 473	156 776 899
<b>Sum innbetalinger frå drift</b>	<b>258 956 561</b>	<b>267 642 708</b>

**Note 2 Utbetalinger til løn**

	31.12.2021	31.12.2020
Løn	170 422 878	161 236 268
Arbeidsgivaravgift	26 068 826	27 266 511
Pensjonsutgifter*	18 073 422	34 874 447
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-4 997 214	-4 697 786
Andre ytingar	2 119 408	1 758 329
<b>Sum utbetalinger til løn</b>	<b>211 687 320</b>	<b>220 437 769</b>
<b>Talet på utførte årsverk*:</b>	<b>234</b>	<b>233</b>

\* Nærare om pensjonskostnader  
Pensjonar blir betalte med fast premiesats for arbeidsgjevardelen med 12 % sats ifølgje R-118 for 2021.

### Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2021	31.12.2020
Husleige	17 740 524	17 361 992
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	95 938	97 772
Andre utgifter til drift av eieendom og lokale	5 121 353	5 382 980
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m.	89 769	48 829
Mindre utstyrsinnkjøp	1 564 889	334 738
Leige av maskiner, inventar og liknande	9 362 267	12 404 021
Kjøp av konsulenttenester	11 741 921	6 919 039
Kjøp av andre framande tenester	9 806 305	4 651 297
Kjøp av databasetenester	7 889 615	8 109 591
Reiser og diett	550 601	294 510
Andre driftsutgifter	5 201 288	4 258 890
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>69 164 470</b>	<b>59 863 659</b>

### Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2021	31.12.2020
<b>Innbetaling av finansinntekter</b>		
Renteinntekter		
Valutagevinst		
Anna finansinntekt		
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Utbetaling av finansutgifter</b>		
Renteutgifter	2 341	
Valutatap		
Anna finansutgift		
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>2 341</b>	<b>0</b>

## Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2021	31.12.2020
<b>Utbetaling til investeringar</b>		
Immaterielle egedelar og liknande		0
Tomter, bygningar og annan fast eigedom		
Infrastruktureigedelar		
Maskiner og transportmiddel	485 756	4 475 891
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	296 933	119 658
<b>Sum utbetaling til investeringar</b>	<b>782 689</b>	<b>4 595 549</b>

## Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

### Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

	31.12.2021 Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	31.12.2021 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassen	Skilnad
<b>Omløpsmiddel</b>			
Kundefordringar	5 044 954		5 044 954
Andre fordringar	-384 147	-384 146	-1
<i>Sum</i>	4 660 807	-384 146	5 044 953
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	-885 664		-885 664
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-8 642 671	-9 239 336	596 665
Skuldige offentlege avgifter	-1 542 208	-1 235 738	-306 470
Anna kortsiktig gjeld	-3 403 408	-2 290 463	-1 112 945
<i>Sum</i>	-14 473 951	-12 765 537	-1 708 414
<b>Sum</b>	<b>-9 813 144</b>	<b>-13 149 683</b>	<b>3 336 539</b>

\* Verksemdar som eig finansielle anleggsmidlar i form av investeringar i aksjar og selskapspartar, fyller også ut note 8 B.

## Patentstyret

Besøksadresse:  
Sandakerveien 64, Oslo

Postadresse:  
Postboks 4863 Nydalen  
0422 OSLO

Kundesenter: 22 38 73 00  
E-post: [post@patentstyret.no](mailto:post@patentstyret.no)